

**Ullensvang
kommune**

Oppvekst og utdanning

Oppvekstplan 2020 - 2025

Ulike utgangspunkt - like sjansar



“Hvis det i sannhet skal lykkes å føre et menneske hen til et bestemt sted, må man først passe på å finne ham der hvor han er og begynne der. Dette er hemmeligheten i all hjelpekunst”

Søren Kirkegaard 1813-1855

Utgåve: Overordna strategiplan
For tilsette i sektor for oppvekst og utdanning

Vedteke i Ullensvang kommunestyre 21.10.2020

Føreord

Det er laga ein oppvekstplan for 2020-2025. Planen er laga for at dei som er tilsett i sektor for oppvekst og utdanning og arbeider direkte med eller i tilknytning til oppveksten til barn og unge skal ha ei felles plattform med fokusområde, strategiar og tiltak. Eit godt samarbeid med foreldre/føresette er viktig for alle tenestene barn og unge samhandlar med. I oppvekstplanen blir omgrepet føresette nytta, dette omfattar både foreldre og føresette. Foreldre- er òg nytta i nokre samansette ord og vil gjelde både foreldre og føresette.

Oppvekstplan 2020-2025 er ein overordna strategiplan for sektor for oppvekst og utdanning. Planen skal dekkja alt frå helsestasjon til undervisning i 10. trinn, det er derfor breidde og heilskap det er fokusert på for å få til ein felles praksis.

Planen har to delar;

- **Kapittel 1 - 3:** informasjon om bakgrunn, oppveksttilhøve og oppvekstvilkår. Kapittel 2 har og vedlegg som syner ulike tiltak frå verksemdene.
- **Kapittel 4 - 13:** fokusområde og føringar for korleis dei ulike verksemdene kan arbeida med fokusområda.

Kommuneområde oppvekst og utdanning omfattar kommunale barnehagar og grunnskular, OppMot, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), logopedtenesta, helsestasjon og barnevern. Desse blir vidare omtala som verksemder. Grunnskulen omfattar òg SFO og vaksenopplæringa sitt tilbod om grunnskuleopplæring, samt norskopplæring og spesialpedagogiske tilbod for vaksne. Kommuneområdet blir leia av kommunalsjef oppvekst og utdanning med støtte frå fagstab.

Denne utgåva er for dei som er tilsett i sektor for oppvekst og utdanning som skal arbeida med dei ulike fokusområda. Det er lagt opp til 9 overordna fokusområde som skal vera med å byggja opp den felles plattformen me ynskjer for verksemdene i oppvekst og utdanning. Nokre er felles for alle som arbeider med barn og unge, medan nokre berre gjeld barnehage og skule. Oppvekstplanen har eit langsiktig og overordna perspektiv og skal sikra at kommunen oppfyller pliktene sine etter lovverk og forskrifter.

Alle som arbeider med og for barn og unge i Ullensvang kommune skal ha kjennskap og eigarskap til oppvekstplanen. For verksemdsleiar skal planen vera ei kjelde til informasjon om korleis Ullensvang kommune ynskjer å arbeida, og kva som spesifikt ligg innan ansvarsområdet til verksemdleiaren. Målet med oppvekstplanen er å bistå barn og familiar på best mogleg måte.

I tillegg vil oppvekstplanen vera eit styringsverktøy for fagstab oppvekst i samarbeid med verksemdsleiarar i arbeidet med å implementera tiltaka, og gjennom dette delta aktivt i det tverrfaglege arbeidet med å byggja gode samhandlingskulturar til beste for barn og unge.

Ullensvang kommune skal arbeida for gode oppvekstvilkår for barn og unge. Oppvekstplanen gjer synleg og forpliktar arbeidet med å leggja til rette for at alle barn i Ullensvang skal ha ein god oppvekst og ei god og trygg opplæring. Planen gjer tydeleg korleis kommunen skal sikra kvalitet og etterleva dei krava og forventningane som er retta mot tenester innan sektor for oppvekst og utdanning. Fokusområda, strategiar og tiltak skal gi føringar for dei ulike årsplanane til verksemdene og fremja samarbeid og heilskapleg tenking internt i kommunen.



Det blir utarbeidd eit system for rapportering. Oppfølginga av Oppvekstplanen skal inngå i ein årleg tilstandsrapport for verksemdene med vurdering av om tiltaka er gjennomført. Tilstandsrapporten skal fungera som ein årleg statusrapport og vil vera ein del av grunnlaget for budsjettprosessen i kommunen.



Føreord	1
1.0 BAKGRUNN	5
1.1 Utviklingstrekk og utfordringar i perioden 2020-2025	7
2.0 OPPVEKSTTILHØVE I ULLENSVANG KOMMUNE	7
2.1 Barnehage og grunnskule	8
2.1.1 Barnehagen som læringsarena	8
2.1.2 Grunnskuleopplæringa	8
2.1.3 Godt læringsmiljø i barnehage og skule	9
2.2 Vaksenopplæring	10
2.3 Helsestasjonstenesta	10
2.3.1 Svangerskapsomsorg	11
2.3.2 Helsestasjon 0-5 år	11
2.3.3 Skulehelsetenesta	11
2.3.4 Helsestasjon for Ungdom	11
2.3.5 Kommunepsykolog	12
2.3.6 Ungdomkontakt/-los	12
2.4 PPT og logopedtenesta - hjelp til barn og vaksne med særskilte behov	13
2.4.1 PPT - Pedagogisk Psykologisk teneste	13
2.4.2 Logopedtenesta	13
2.5 Hardanger Barnevern - utsette barn	14
2.6 Førebyggjande samarbeidsfora	14
3.0 OPPVEKSTVILKÅR	16
3.1 Minoritetsspråklege barn og unge	16
3.2 Barn og unge i risiko	17
3.2.1 Levekår	17
3.2.2 Utdanningsnivå og ulik kulturell kapital	17
3.2.3 Barn som pårørnde	18
4.0 FOKUSOMRÅDE	19
4.1 Forventningar til verksemdene	23
5.0 TIDLEG INNSATS	23
6.0 SAMHANDLING RUNDT UTSETTE BARN OG UNGE - FOKUS PÅ ARBEIDSMETODIKKEN BETRE TVERRFAGLEG INNSATS (BTI)	26
7.0 BARN SKAL VERA INVOLVERT I DIALOG OG PROSESSAR SOM GJELD DEI	27
7.1 Medverknaden til barn og unge	28
8.0 FOKUS PÅ SAMARBEID MED FØRESETTE	28
8.1 Fokus på samarbeid med føresette i barnehage og skule	29
Samarbeid mellom heim og barnehage	29
Samarbeid mellom heim og skule.	30
9.0 GOD OPPSTART OG TRYGGE OVERGANGAR	31
9.1 God skulestart	32
10.0 BARNA OPPLEVER EIT TRYGT, GODT OG INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ	33
10.1 Barna opplever eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø	34



10.2 Barna oppleve eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø	35
11.0 FOKUS PÅ TILRETTELEGGING OG TILPASSA OPPLÆRING	36
11.1 Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring i barnehage	37
11.2 Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring i skulen	38
12.0 KJENNSKAP TIL UTARBEIDDE PLANAR, RUTINAR OG HANDBØKER	39
13.0 FOKUS PÅ KVALITET OG TILSETTE MED RETT KOMPETANSE	40
14.0 SAMANDRAG	42
Referansar	43
Vedlegg 1: Helsestasjon, skulehelsetenesta og kommunepsykolog	44
Vedlegg 2: Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)	47
Vedlegg 3: Logopedtenesta	49
Vedlegg 4: Hardanger Barnevern	51



1.0 BAKGRUNN

Tre kommunar er avvikla og ein heilt ny kommune skal byggjast. Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad har slått seg saman 1.1.2020 og Ullensvang kommune er etablert. Kommunen har om lag 11 000 innbyggjarar, over 2300 av dei er under 18 år.

I intensjonsavtalen for samanslåinga for dei tre kommunane blir fylgjande prinsipp for samanslåinga løfta fram som eit suksesskriterium:

“Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møta framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.”

Ved å ha ein felles plattform, med felles fokusområder og se på alle tenestene i sektoren i heilskap ynskjer me å sikra gode tenester i sektor for oppvekst og utdanning med høg kvalitet for innbyggjarane.

Ullensvang kommune må sikra ein felles praksis for det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge på alle nivå, og skapa ei felles forståing og utgangspunkt for oppveksttilhøve til barn og unge.

Oppvekstplanen skal byggja på følgjande prioriteringar:

- Tidleg innsats
- Tilpassa opplæring - god rettleiing gjennom støtteapparat, barnehage og skular.
- Samhandling rundt utsette barn og unge - fokus på arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg Innsats (BTI)

(Økonomiplan 2020-2023)

Alle barn fortener ein god start. Barn og unge skal oppleve å læra, leika, utvikla seg og å meistra. Trygge rammer er viktige; trygge barn som trivst, lærer betre. I Ullensvang kommune skal me ha barnehage og skule som gjev høve til god utvikling for alle barn og unge

- *uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnadar.*


Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Barn og unge skal møta tydelege forventningar og få hjelp til å takla både medgang og motgang i oppveksten. Dei må ha vaksne rundt seg som gjev støtte og omsorg, anten dei må ha hjelp til å finna seg ein ven, delta i leik eller læra seg å lesa, skriva og rekna og forstå samfunnet me lever i. Barn og elevar får det beste grunnlaget for å utvikla seg sosialt og fagleg viss dei opplever at dei er ein verdifull del av fellesskapet og blir godtekne som dei er. Dei skal føla at dei høyrer heime i samfunnet.

For einskildmenneske og for familiar kan tidleg innsats ha stor tyding for resten av livsløpet. For kommunen har innsatsen både ein etisk og ein samfunnsøkonomisk dimensjon. Etisk sett er det rettare å gripa inn og hjelpa til tidleg enn å risikera uheldig utvikling. Samfunnsøkonomisk veit ein at det over eit livsløp er rimelegare å førebyggja enn å reparera.



Målet med oppvekstplanen er å bistå barn og familiar på best mogleg måte, dei tilsette som arbeider med barn og unge i Ullensvang kommune skal ivareta barna sitt behov for omsorg, leik, læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dei må og kunne bidra med rett hjelp til rett tid der det er behov for det, dette fordrar ein tverrfagleg kultur som arbeider med tidleg innsats gjennom kompetanseheving, samhandling på tvers og gjennom å byggja robuste tverrfaglege samhandlingsarenaer. På denne måten kan Oppvekstplan 2020-2025 vera med å skapa ein felles plattform, med felles fokusområder i oppstarten av ein ny kommune som ynskjer å sikra gode tenester i sektor for oppvekst og utdanning med høg kvalitet for innbyggjarane.

Nokon gonger treng me å samla ressursane frå fleire fagfelt til beste for barn og unge i barnehage og skule. Verksemdene i oppvekst og utdanning må samarbeide, tidvis også med helse og tannhelsetenesta.



Andre aktuelle kommunale planar og rapportar:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032
- Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge
- [Folkehelseoversikt for Ullensvang kommune](#)
- [Samhandling rundt utsette barn og unge - Betre Tverrfagleg Innsats \(BTI\)](#)

1.1 Utviklingstrekk og utfordringar i perioden 2020-2025

STYRINGSMÅL - overordna for vår tenesteproduksjon i 2020-2025

- Sikra ei forsvarleg og god drift på alle verksemdar underlagt sektoren, ut i frå lovpålagte krav og verksemdene sine eigne styringsmål
- Sikra relevant kompetanse blant dei tilsette som skal yta god tenesteproduksjon ute i verksemdene
- Unngå overforbruk av gitte økonomiske rammer vedteken politisk i kommunen. (økonomiplan 2020-2023)

Ein vil vidareføre det strategiske og systematiske arbeidet som er sett i gang knytt til å sikra gode støttesystemer og utviklingsprosesser for alle delar av sektor for oppvekst og utdanning. Sentrale stikkord her er; styrka fokus på tilpassa opplæring, digital kompetanse og ikkje minst arbeidet med dei grunnleggjande dugleikane.

Ullensvang kommune har vedteke å satsa på fagmetodikken Betre Tverrfagleg Innsats, og dei tre tidlegare kommunane har i varierende grad starta med dette arbeidet. Her fokuserer ein på arbeidsmetodikken inn mot barn, unge og deira føresette på alle nivå og tenester. Dette arbeidet skal vera til hjelp både for dei tilsette, føresette og viktigst av alt den eller dei det gjeld. Det er forventa at arbeidet med implementering og kompetanseheving, når det gjeld BTI, skal ha eit sterkt fokus i denne planperioden.

Ved å utarbeidde ein oppvekstplan som gjeld for alle verksemdene i sektor for oppvekst og utdanning i Ullensvang kommune kan det bli ei utfordring for verksemdene og dei tilsette å få eit eigarskap til det vidare arbeidet med fokusområda i planen. For å få dette til må det bli lagt til grunn:

- eit grundig implementeringsarbeid av oppvekstplan i verksemdene
- eit grundig implementeringsarbeid av fokusområda ved utarbeiding av års-/handlingsplan for verksemdene
- eit godt samarbeid med føresette, helsestasjon, skulehelsetenesta, PPT og vaksne som gode rollemodellar.

Det vil også vera viktig å arbeida målretta når det gjeld oppfølging og gjennomføring av strategi knytt til mottak og integrering av flyktingar i Ullensvang kommune.

2.0 OPPVEKSTTILHØVE I ULLENSVANG KOMMUNE

Ullensvang kommune gjev samanhengande tilbod frå helsestasjon til opplæring i barnehage og grunnskule. Me følgjer kvart barn si utvikling tett og set inn ekstra innsats raskt når det trengst. Barna si utvikling blir fulgt opp og det blir brukt relevant kartleggingsmateriell der det er aktuelt. Systematisk samarbeid mellom opplæringsnivåa og med andre faginstansar gjev oss tilgang til den samla kompetansen i kommunen. I dette kapittelet får du vita meir om dei ulike verksemdene og kva tilbod dei har til barn og unge og familiane deira.

Me har føremålstenlege overgangsrutinar frå barna startar i barnehagen til dei går over i vidaregåande. Barna er jamleg med på å vurdere læring si, og gode system for dette gjer kommunikasjonen med heimen presis og målretta. Ved å gi tilpassa opplæring kan me leggja godt til rette for ei mangfaldig opplæring. Barn og unge skal ha høve til å uttala



seg om sin eigen kvardag, og dei har rett til å medverka og å bli høyrde. Me legg til rette for gode prosessar slik at barn og unge får oppleve at kommunen tek dei på alvor.

Ullensvang kommune skal sikra ein felles praksis for det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge på alle nivå, og skapa ei felles forståing og utgangspunkt for oppveksttilhøve til desse. Verksemdene skal ha dialog med, og vera til stades for barn og føresette. Dei skal og gje rettleiing om tilgjengelege og relevante støttetilbod.

Det er viktig å hindra mistilpassing og tilkortkoming i barnehage og skule – og på andre arenaer som barn og unge deltek. Det at barn og unge får høve til å utvikla seg og meistra, utvikla sjølvtilitt og forma ein positiv identitet, er heilt sentralt i det byggjande og førebyggjande arbeidet. Det må vera eit spesielt fokus på å unngå mobbing på alle arenaer der barn og unge deltek.

2.1 Barnehage og grunnskule

Regjeringa arbeider for å forbetra utdanningssystemet vårt. Tidleg innsats, inkludering og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod er berande prinsipp i arbeidet. For å leggje til rette for at vi skal ha barnehagar og skular som gjev moglegheiter for alle har Regjeringa tatt grep og komme med mellom anna, Meld.st. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen* og Meld.st. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*.

2.1.1 Barnehagen som læringsarena

Ullensvang kommune har 13 barnehagar. Barnehagen utgjer første fase i barn sitt organiserte opplæringsløp. Her blir det lagt eit viktig grunnlag for at barn skal lukkast. Barn i barnehagen skal få opplevingar, erfaringar og kunnskap som gjer at dei kan byrja på skulen med tryggleik, nysgjerrigheit og tru på eiga meistring.

I 2017 kom ein ny rammeplan for barnehagen som gjer tydeleg forpliktingar til barnehagane om ansvar og roller, og om rettane til føresette. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ta vare på behovet til barna for omsorg. Det bli lagt til rette for at barn får fridom til å leika, oppleve magiske augneblinkar og påverka sin eigen barndom. Læringsmiljøet skal vera utviklande for sosial og språkleg kompetanse. For å dekkja behovet til barna for utvikling og læring, gjev rammeplanen barnehagane ansvar for implementering av sju fagområde; fag dei seinare møter på skulen.

2.1.2 Grunnskuleopplæringa

Barn og unge i alderen 6 - 16 år har lovmessig rett til grunnskuleopplæring. I Ullensvang kommune er det 10 grunnskular. Alle barneskulane i kommunen har tilbod om SFO for barn i 1.-4. trinn, og barn med særskilte behov opp til 7. trinn. Eit godt SFO-tilbod kan bidra til inkludering og til å jamna ut sosiale skilnadar. SFO er ein viktig sosial arena der barna kan utvikla vennskap, leika og prøva seg på ulike aktivitetar.

Arbeidet i skulane skal handla om å setja barn og unge i stand til å møte framtida med tryggleik og forankring i identiteten sin, kunnskapane og evnene sine. Skulane skal til ei kvar tid vera opptatt av å vera gode skular, der opplæringa er av høg kvalitet og der meistring, læringsglede og trivsel er sentralt. Gjennom å styrka elevane si entreprenørielle kompetanse, kreativitet og skaparglede, legg skulane til rette for godt læringsutbytte hos alle elevar.



2.1.3 Godt læringsmiljø i barnehage og skule

Mobbing kan føra til ekskludering og utenforskap og finst på ulike arenaer. For dei aller fleste er barnehage og skule ein god stad å vera. Me veit lite om omfanget av mobbing i barnehagen, men er kjende med at det òg finst her. I skulen veit me at mobbing øydelegg skulekvardagen for fleire elevar. Mobbing kan ha svært negative konsekvensar både for skuleprestasjonane til eleven og for den psykiske helsa. Ullensvang kommune har fokus på førebygging og tidleg innsats.


Alle barn og unge i Ullensvang kommune skal oppleva tryggleik og inkludering når dei er i barnehage og skule. Barna skal bli lytta til og bli tatt på alvor. Alle vaksne har eit viktig ansvar her. Dei skal vera aktivt tilstades i lek og samspel med barna, ha kompetanse på observasjon, "ta grep" og setta i verk tiltak på eit tidleg tidspunkt.

Dei tilsette i barnehage og skule har eit overordna ansvar for å førebyggja og vera observante vaksne i samver med barna.

Skulen sin aktivitetsplikt er nedfelt i opplæringslova kapittel 9A. Handlingsløyfa inneheld fem delplikter, og blir beskriven i Grunnlagsdokumentet for arbeidet med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkingar (Udir 2017). Barnehagane er og rådde til å bruka handlingsløyfa i arbeidet sitt. Alle tilsette i barnehage og skule i Ullensvang kommune skal arbeida aktivt for å oppretthalda eit mobbefritt miljø.

Alle tilsette i barnehage skal ha kjennskap til "Handlingsplan mot mobbeatferd." Kvar einskild skule i Ullensvang kommune skal ha sin eigen plan ved melding om mobbing og trakassering, og Ullensvang kommune har ein felles handlingsrettleiar ift opplæringslova §9A kor nivå og steg frå BTI-rettleiaren er synleggjort.

Dei fem delpliktene i handlingsløyfa kan illustrerast på følgjande måte: (Udir 2017):



2.2 Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa gjev opplæring i norsk med samfunnskunnskap og eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne. Fullført grunnskule gjev kompetanse til å koma inn på vidaregåande skule. Vaksenopplæringa tilbyr og norskopplæring for arbeidsinnvandrarar og familiesameinte, og kan tilby kurs i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving, matematikk og digital kompetanse. Vaksenopplæringa har ansvar for opplæring av vaksne med spesialpedagogisk vedtak.

Vaksenopplæringa legg vekt på eit trygt læringsmiljø der den einskilde får best mogleg læring ut i frå egne føresetnader. Elevane har krav på å bli sett, forstått og likeverdig behandla. Elevane kjem frå mange plassar i verda og vaksenopplæringa er audmjuke for den omstillinga dei går gjennom.

Vaksenopplæringa arbeider for eit nært og godt samarbeid med Verksemd for inkludering, skular og barnehagar.

2.3 Helsestasjonstenesta

Helsefremjande arbeid skal forankrast i kommunalt planverk, verksemdplanar og i tenestene. Svangerskapsomsorg, helsestasjon for sped- og småbarn (0-5 år), skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og kommunepsykolog skal førebyggja sjukdom og fremja god psykisk og fysisk helse. Dei skal ha kontakt med alle familiar, barn og ungdom 0-23 år, og gi tilbod om vaksinasjonar, helseundersøkingar og rettleiing om korleis ein kan førebyggja sjukdom og utfordringar. I samtalar mellom helsestasjon og minoritetsspråklege føresette, er det viktig å nytta tolk, både for at dei føresette skal få viktig informasjon, men òg for at dei skal kunna formidla. Det vanlege er å nytta telefontolk.

På helsestasjonen vil du møta helsesjukepleiarar, jordmødre, legar, psykisk helsearbeider sosionom, psykolog og sekretær. Me samarbeider med barnehage tilsette, fysioterapeutar, familiterapeuter, barnevern, spesialisthelsetenesta for barn og unges psykiske helse (BUP), koordinerande eining og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) m.fl. Ergoterapitenesta har og ein ressurs knytt til helsestasjon og skulehelsetenesta for å styrka arbeidet med barn og unge. Det er ikkje avsett spesifikk ressurs med tanke på fysioterapi knytt til denne tenesta, men i følgje den nasjonale rettleiaren for helsestasjon- og skulehelstenesta bør ein ha fysioterapeut knytt til tenestene.

Fokusområda til helsestasjonen er:

- psykisk helse
- førebyggja, avverga og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt
- god vaksinasjonsdekking

Helsestasjon har eige helsestasjonsprogram, målet med denne er:

- å førebyggja alvorlege komplikasjonar og sjukdom hos mor og barn
- at dei føresette opplever meistring i foreldrerolla
- å bidra til eit godt samspel mellom føresette og barn
- å fremja fysisk, psykisk og sosial utvikling hos sped- og småbarn, skulebarn og ungdom
- å førebyggja, hindra og oppdaga vald, overgrep og omsorgssvikt
- oppdaga fysiske og psykiske utviklingsavvik tidleg



- sjå til at barn og unge får oppfølging og tilvisa dei vidare ved behov

2.3.1 Svangerskapsomsorg

***Tiltak ift svangerskapsomsorg sjå vedlegg 1**

Førebuing til foreldrerolla byrjar allereie i svangerskapet. På helsestasjonen er det jordmor som tilbyr svangerskapsomsorg for dei gravide og deira partnerar. Helsestasjonen tilbyr heimebesøk til familiar med nyfødde barn. Familiane får då vera i kjende omgjevnader, noko som ofte gjev ein betre innfallsvinkel til det vidare samarbeidet mellom helsestasjonen og familiane. Helsestasjonen ser alle barn frå fødselen og følgjer med på barnet si fysiske og psykososiale utvikling.

2.3.2 Helsestasjon 0-5 år

***Tiltak frå Helsestasjon 0-5 år sjå vedlegg 1**

Helsestasjon 0-5 år har fokus på helsefremjing, førebygging og tidleg intervensjon. Helsestasjonen har ikkje som oppgåve å behandla sjuke born. Ved funn som gjev mistanke om sjukdom hjå barnet, blir boret vanlegvis henvist vidare til fastlege for nærare undersøking og behandling. Helsestasjon ser alle barn frå fødselen og følger med på barnet si fysiske og psykososiale utvikling. Alle får eit tilbod om helsekontrollar etter eit standardprogram med oppfølging og vaksinasjon. Helsestasjon kan vera med på møte når barnet skal starta opp i barnehage.

2.3.3 Skulehelsetenesta

***Tiltak frå Helsestasjon 0-5 år sjå vedlegg 1**

Ullensvang kommune skal ha skulehelseteneste/helsesjukepleiar i samsvar med tilrådd minstenorm. På den måten kjem helsesjukepleiarane til skulen og kan kome tettare på elevane. Helsesjukepleiar har tid til å ta imot elevar som treng rettleiing på ulike problemstillingar og dei kan vera med å oppdaga fysiske og psykiske utviklingsavvik tidleg. Dei kan sjå til at barn og unge får oppfølging og tilvisa dei vidare ved behov. Helsesjukepleiar har behov for kontor på skulane. Alle skulane har i dag ikkje eit godt kontor for helsesjukepleiarane.

2.3.4 Helsestasjon for Ungdom

***Tiltak frå Helsestasjon for Ungdom sjå vedlegg 1**

Ved helsestasjonen for ungdom kan ungdom få råd og rettleiing om alt som opptek dei. Tilbodet er gratis og ein kan koma utan timeavtale. Målgruppa er ungdom frå 13-23 år. Dei tilsette har teieplikt, og ungdommane kan koma til helsestasjonen med alle typar spørsmål.

Her kan ungdommane blant anna få svar på spørsmål om kroppen, problem på skulen, forholdet til kjærast, vennskap, seksualitet, rus, røyking/snusing, graviditet, menstruasjon, prevensjon, kosthold, slanking og etevanskar, psykiske vanskar, vonde opplevingar, til dømes seksuelle overgrep, vold eller sjukdom i familien, og mykje anna.

Helsestasjonen for ungdom er bemanna av helsesjukepleiar og lege. Dei kan m.a. hjelpa med reseptar og anna behandling for helseproblem, prevensjonsrettleiing og prevensjon, testing med tanke på kjønnsjukdomar eller graviditetstesting.

Ungdom kan og få råd om å oppsøke andre hjelpeinstansar, som skulehelsetenesta, barnevern, fastlege eller spesialist.



2.3.5 Kommunepsykolog

***Tiltak frå Kommunepsykolog sjå vedlegg 1**

Kommunepsykologtenesta i Ullensvang kommune er organisert under helsestasjon, og er ein del av helsestasjonstilbodet i kommunen. Kommunepsykologtenesta er eit lågterskeltilbod til barn og unge mellom 0-19 år, familieane deira og aktuelle instansar kring barnet. Arbeidet er knytt til psykisk helse og psykososiale problemstillingar. Psykologen arbeider i hovudsak med å rettleia fagpersonar som møter barn og ungdom, men møter også barn og føresette direkte. Alle spørsmål til kommunepsykolog skjer gjennom kontakt med helsepersonell eller tilsette i skule, barnehage, barnevern, PPT og tildelingskontor.

2.3.6 Ungdomkontakt/-los

Ungdomskontakt/-los er eit lågterskeltilbod i arbeidet for førebygging av psykososiale utfordringar og for fremjing av psykisk helse. Ungdomskontakten skal driva opppsøkande arbeid, vera tilgjengeleg i skulemiljøet og arbeida for å fremja eit positivt læremiljø og gode oppvekstvilkår.

Fokuset skal vera på ungdommar som treng ei ekstra støtte i kvardagen og som har samansette utfordringar. Ungdommen si sjølvkjensle og meistring står i fokus for arbeidet. Målet er at ein skal kunne møte dei einskilte ungdommane på deira behov og hjelpa dei til å ta gode val for seg sjølve.

Ungdomskontakten har kjennskap til kvar ein kan få hjelp dersom ungdommar har større utfordringar innanfor psykisk helse og treng oppfølging. Ungdomskontakten kan vera bindeledd i oppfølgingsarbeid som krev ekstra innsats og samarbeid på tvers av tenestene. Ungdomskontakten skal ha eit tett samarbeid med tenestene rundt ungdommen. Ungdomskontakten skal vera fleksibel i møte med ungdommen og tek gjerne turen ut av kontoret og heim til ungdommen, eller ein annan plass dei ynskjer å møtast.

Føresette kan også venda seg til ungdomskontakt/-los.

Ungdomskontakten er med på undervisningsopplegg saman med skulehelsetenesta, politi, SLT og deltek i dei årlege rusfrie satsingane som ungdomsklubb, LAN og 16. mai arrangement.



2.4 PPT og logopedtenesta - hjelp til barn og vaksne med særskilte behov

Det er behov for gode støttesystem som støttar opp under utviklingsprosessar i Oppvekst og utdanning. Ullensvang kommune skal sikra god kompetanse og kvalitet i tenestetilbodet til pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og logopedtenesta, i høve til systemarbeid og til spesifikke fag. Ullensvang kommune er ansvarleg for at tenestene har, eller skaffar seg, kompetanse på alle vanlege spesialpedagogiske fagområde. På denne måten kan PPT og logopedtenesta arbeida rettleiande og kompetansehevande på alle nivå.

Saman skal alle verksemdene i Oppvekst og utdanning ha styrka fokus på inkludering og tilpassa opplæring, og sikra arbeidet med å tidlegast mogleg kunne setja inn tiltak knytt til utsette barn og unge.

2.4.1 PPT - Pedagogisk Psykologisk teneste

***Tiltak frå PPT sjå vedlegg 2**

PPT er kommunen sin rådgjevande og sakkunnige instans.

PPT skal hjelpa barn, elevar og vaksne med behov for særskilt tilrettelegging, dei skal støtta og hjelpa barnehage og skule i planlegging av tiltak for barn og unge med spesielle behov. Målet er at dei får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod.

PPT har både system- og individretta oppgåver. Oppgåvene skal sjåast i samanheng.

Både nasjonalt og kommunalt er det eit mål å redusera spesialundervisninga. PPT har dagar der dei er ute i dei ulike barnehagane og skulane for å observera og rettleia. PPT skal vera tilgjengeleg og medverka til heilskap og samanheng i samarbeidet med verksemdene. For å arbeida førebyggjande, skal PPT hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Tiltak for eit barn eller ein elev kan like gjerne vera å betra gruppe- eller klasse miljø, gruppe- eller klasseleiing, som å setja inn individuelle tiltak knytt til barnet eller eleven åleine. PPT skal syte for at det vert utforma ei sakkunnig vurdering der lova krev det. PPT skal ta med barn, elevar og føresette på råd, slik at dei kan medverka til kva slags tilbod dei får. Dei skal ha fokus på behovet til barn og unge for god sosial og fagleg utvikling i barnehage og skule. Tid og midlar til kompetanseheving og tid til samarbeid med barnehage og skule vert viktige område for å få til ei god omlegging både for PPT og for barnehagen og skulen.

2.4.2 Logopedtenesta

Tiltak frå Logopedtenesta sjå vedlegg 3

Logopedtenesta skal gi tilbod om hjelp/behandling til barn, ungdom og vaksne som har kommunikasjonsvanskar, stemmevanskar, språk- og talevanskar, taleflytvanskar (stamming eller løpsk tale) og svelgevanskar eller vanskar på grunn av sjukdom, skader eller ulukker.

Dei viktigaste samarbeidspartnarane er føresette, barnehage, skule helsestasjon og PPT. Dei arbeider direkte med barn, unge og vaksne med språk-, tale- og kommunikasjonsvanskar og indirekte i form av rådgjeving til føresette, barnehage, skule og andre instansar. Tenesta gjev og kompetansehevingstilbod om foredrag innan temaet språk.



2.5 Hardanger Barnevern - utsette barn

***Tiltak frå Hardanger barnevern sjå vedlegg 4**

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Den skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. I følgje bvl. §4-4 skal barneverntenesta bidra til å gi det enkelte barnet gode levekår og høve til å utvikla seg ved råd, rettleiing og hjelpetiltak.

Barneverntenesta har som oppgåve å ta vare på dei mest utsette barna. Den skal verna barn mot omsorgssvikt og motverka at barn lir fysisk og psykisk overlast. Som regel er det best for barna å veksa opp i sin eigen heim. Barnevernet skal difor alltid først vurdera om det er mogleg å hjelpa familien til å fungera betre ved tiltak i heimen. Barneverntenesta blir i barnevernloven oppmoda om å samarbeida med friviljuge organisasjonar som arbeider med og for barn og unge.

Barneverntenesta er deltakarar i førebyggjande samarbeidsfora for alle aldersgrupper. På denne måten kan dei kome tidleg inn. Dei har hjelpetiltak som skal ha som føremål å bidra til positiv endring hos barnet eller i familien. Barneverntenesta skal sjå barn som aktive deltakarar i eigne liv. I all kontakt med familiar skal dei leggja stor vekt på samtaler med barna for å få fram korleis dei opplever sin eigen situasjon.



2.6 Førebyggjande samarbeidsfora

Tilsette i Ullensvang kommune samhandlar på ulike arenaer for barn, unge og familiar. Møta blir arrangerte mellom ulike fagpersonar og tenester. Dette er både systemmøte på generelt grunnlag for heile barnegruppa og samhandlingsmøte kring ein einskild eller einskilde barn eller familiar. Sped- og småbarnsteam, SLT, konsultasjonsteam vald og seksuelle overgrep, møte for koordinerande eining er døme på dette. Det vil i planperioden bli arbeidd med å finna gode løysingar på tverrfaglege samhandlingsteam rundt barn og unge.



Risikofaktor

Individ

- Påverknad i svangerskap/låg fødselsvekt
- Helsevaner/livsstil
- Skulefråvær/fråfall frå skule
- Atferdsproblematikk/reguleringsvanskar
- Svake sosiale evner mm

Familie

- Foreldre utan arbeid/liten utdanning
- Unge mødre
- Rusmisbruk i familien
- Vold/overgrep i familien
- Psykisk/alvorleg sjukdom i familien
- Konflikt mellom foreldre
- Familier med einselege forsørgjarar
- Sosialt isolerte familiar
- Familier med låg inntekt
- Familier som får sosialhjelp

Nærmiljø

- Små moglegheiter i arbeidsmarknaden lokalt
- Dårlige utdanningsmoglegheiter/ skulemiljø
- Dårlig lokalt helsestilbud/fritidstilbud
- Mangelfull integrering av minoritetsspråklege
- Dårlige buforhold
- Stressfaktorar i miljøet

Beskyttelsesfaktorer

AKTØRER OG TILTAK

Jordmor

- råd og rettleiing

Helsestasjon for barn

- råd og rettleiing

Skulehelsetenesta

- råd og rettleiing

Helsestasjon for ungdom

- råd og rettleiing

Tannhelsetenesta

- Fylkeskommunal

Barnehage

- full barnehagedekning
- arena for mestring
- tilpasset utviklingsarena

Grunnskule

- arena for mestring
- tilpasset utviklingsarena

God skulestart

- observere og avdekke utfordringar; gruppe og individ

SFO

Kultur/kulturskule

Idrett

Fritidstilbud

Bibliotek

FOR DEI I RISIKO

PPT

- oppfølging med omsyn til opplæringsbehov og tilbod

Logoped

- oppfølging med omsyn tale- og kommunikasjonsvanskar

Kommunepsykolog

- oppfølging med omsyn til barnets utvikling og foreldrefungering

Koordinerende eining

- kommunehelsetenester
- sosialhelsetenester

Verksemnd for inkludering

- introduksjonsprogram

Ergo- og fysioterapitenesta

- råd og rettleiing
- behandling, trening og tilrettelegging

BUP (Helse Fonna)

- råd og rettleiing
- behandling

Tverrfaglige møtearenaer

God skulestart, tverrfagleg samhandlingsteam, SLT, Tidleg ute og konsultasjonsteam vald og seksuelle overgrep osv

FOR DEI MED SÆRSKILTE BEHOV

Oppmot Læringsssenter

Rettleiar NAV i videregående

- hjelpe ift utenomfaglege utfordringar

Ungdomskontakt/-los

- råd og rettleiing

Helsestasjon for ungdom

- råd og rettleiing

Familievernkontor

- lågterskeltilbod

Barnevern

- råd og rettleiing
- støtte- og hjelpetilbod
- undersøking
- økonomisk hjelp
- hjelpetiltak

Tidleg ute

NAV

Rus- og psykiatri

LOVAR - FORSKRIFTER - PLANAR - RETNINGSLINJER - RUTINAR - PROSEDYRAR

3.0 OPPVEKSTVILKÅR

Det er eit mål å sikra gode oppvekstsvilkår for alle barn og unge. I tillegg til kvardagen barn og unge møter i barnehage og skule, treng dei òg å veksa opp med kulturtilbod og fritidsaktivitetar. Ulike utfordringar i liva deira kan verka inn på i kva grad dei har høve til å delta på dette. Det gjeld økonomi, fysiske føresetnader, bustad og interesser. Å ha eit breitt tilbod der alle kan finna noko som er av interesse, er viktig. Ullensvang kommune har eit rikt kulturliv. Talet på lag og organisasjonar vitnar om aktive og engasjerte innbyggjarar som er opptekne av lokalsamfunnet sitt. Trygge og sunne fritidstilbod er ein viktig del av oppveksten. Dei spelar ei sentral rolle i sosialiseringssprosessen, og bør vera tilgjengelege for alle.

Kommunen har ansvar for å støtta opp om gode og varierte fritidstilbod som er tilgjengelege for alle. Det finst fleire årlege arrangement der barn og unge i er målgruppa. Hovudvekta av fritidstilboda for barn og ungdom har eit fast tidspunkt kvar veke. Dette kan vera trygge haldepunkt i liva deira.

3.1 Minoritetsspråklege barn og unge

I Ullensvang kommune er det fleire barn og unge med fleirkulturell bakgrunn. Nokre familiar kom som flyktningar, andre som arbeidsinnvandrarar.

Med minoritetsspråklege barn og unge forstår me barn og unge som har eit anna morsmål enn norsk. Barn med minoritetsspråklig bakgrunn har dei same rettane som andre barn i barnehage og skule. Kommunen må arbeida for å leggja til rette for at alle barn får eit fullverdig og likeverdig tilbod. Der det er mogleg bør me gi tilbod om særskild språkopplæring som norsk som andrespråk, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Det er viktig at barnet opplever norsk dagleg av ein omsorgsperson som t.d. ein barnehagelærar. Forsking viser at det å veksa opp som to-eller fleirspråkleg har store føremonar for læring i tidleg alder, kanskje seinare òg. For barn som ikkje får høve til å læra norsk som morsmål, kan det verta ei utfordring når dei kjem i skulen. Målet må vera at barnet både har eit funksjonelt språk til læring i skulen, og samstundes har same språk som dei føresette.

I samtalar mellom skulen og minoritetsspråklege føresette, er det viktig å nytta autorisert tolk, både for at dei føresette skal få viktig informasjon, men òg for at dei skal kunna formidla sine tankar og meiningar. Tolken kjenner både språka det vert tolka mellom, men òg viktige skilnadar mellom den norske skulen og skulen dei føresette kjenner frå tidlegare. Det vanlege er å nytta telefontolk. Det er òg viktig at det vert lagt til rette for tolking eller omsetjing av informasjon føresette får frå barnehage, skule og dei ulike tenestene.

I «Verksemd for inkludering» vil føresette med innvandrarbakgrunn få informasjon om kva forventningar det norske samfunnet har til foreldrerolla. Føremålet er å fremja integrering ved å gi dei føresette tryggleik, slik at dei kan gi barna ein god oppvekst i Ullensvang kommune.



3.2 Barn og unge i risiko

Forsking og erfaring viser til at utsette barn og unge ikkje blir tidleg nok fanga opp, ikkje får den hjelpa dei har behov for og at dårleg samhandling medverkar til brot i oppfølginga (NOU 2017:12 svikt og svik). Det er mykje å henta på å oppdaga risikofaktorar tidleg i svangerskapet og hos sped- og småbarn. Tidlig innsats handlar om at jordmortenesta, psykologtenesta og helsestasjonstenesta har kompetanse til å finna dei som treng ekstra støtte, og at dei har tid til gje dei den støtta dei har behov for. Tverrfaglege tiltak er ofte nødvendige her.

Alle tenesteytarane for barn og unge er forplikta etter særlovgiving til å handla når dei oppdagar eit barn som er utsett for risiko som mobbing, foreldrekonflikt, vald, livskriser, rus, psykisk sjukdom. For denne gruppa av barn vil det tverrfaglege samarbeidet vera avgjerande for å kunna gi barnet rett hjelp og nok hjelp. I det førebyggjande arbeidet er det naudsynt å kjenna til faktorar som aukar risikoen for at barn utviklar vanskar og faktorar som vernar/hindrar at det skjer. Jo før ei utfordring blir oppdaga og det blir gitt rett hjelp, dess større er sjansen for ei positiv utvikling hos barnet (Johannessen og Skotheim 2018).

3.2.1 Levekår

Sosioøkonomiske skilnadar i oppvekstvilkår er ei kjend problemstilling. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet sine tal for 2017 viser at Ullensvang kommune (Ullensvang, Jondal og Ullensvang i 2017) ligg over landsgjennomsnittet for barnefattigdom. Over 300 barn levde i 2017 under fattigdomsgrensa. Sosioøkonomiske utfordringar heng tett saman med kva høve barn har for utvikling. Dei kan få lite kognitiv stimulans. Dette kan gå ut over evne til abstraksjon, språkutvikling og evne til formell tenking. Fattigdom kan òg bety det å mangla høve for å delta sosialt, på lik linje med resten av samfunnet. Barn treng relasjonar med jamaldra for å ha eit godt liv. Vi veit at barn er sosiale vesen som utviklar seg og konstruerer forståing gjennom sosial kontakt med andre. På denne måten blir barn sosialisert inn i samfunnet dei er ein del av. Sosiale arena er avgjerande for at barn skal formast som tenkande, følande og kommuniserande menneske. Ungdommar seier sjølve at det verste med å vera fattig, er at du ikkje kan delta på det andre kan. Ein god oppvekst, der barn får oppfylt potensialet sitt, vil medverka til å utlikna skilnadane. Dette må me gjera mellom anna ved å sikra at alle barn har tilbod om å vera med på ulike aktivitetar. Innan dette temaet er det viktig at oppvekst og utdanning samarbeider godt med andre instansar som møter barn, unge og utsette familiar.



3.2.2 Utdanningsnivå og ulik kulturell kapital

Kva utdanningsnivå og kulturell kapital føresette har, spelar inn på korleis barn møter skule og utdanning. Alle barn som byrjar på skulen, kjem med eit sett handlingsmønster,



språk og oppfatningar, som dei har fått tilgang på gjennom dei føresette frå dei var født. Foreldra gjev kunnskapen sin vidare til barna sine, og slik kjem ulike livsforhold og livsvilkår til uttrykk i sosial ulikskap på skulen. Kulturell kapital hos føresette, meint som utdanning, meistring av anerkjende kulturelle kodar og praksisar, sosial sjølvtilitt og danning generelt, gjev barna eit forsprang til læring. Desse sosiale ulikskapane og disposisjonane barna har, ligg der allereie i barnehageåra, men skulen er den arenaen kor kognitive skilnadar grunna sosial ulikskap kjem til uttrykk. Dette skjer mykje fordi skulen legg til grunn og premierer kognitive evner knytta til abstraksjon og formell tenkning. Difor vil nokre barn byrje på skulen, med den nøkkelen dei treng for å låse opp bodskapa dei blir presentert for i klasserommet. Dette handlar ikkje om i kor stor grad føresette har øvd på bokstavar og tal med barna sine før skulestart, eller om barna blir lest for eller ikkje. Det handlar om føresette som lærer barna sine å meistre den form og dynamikk som er knytta til læring og læreprosessar, som finn stad i skulen.

Barn i heimar med lite kulturell kapital, er i risikograppa for manglande utviklingsstøtte innan læring og meistring i kvardagen. Alle vaksne som møter barn i sektor for oppvekst og utdanning, treng å ha kjennskap til dette bakteppet om kva dei ulike sosiale utgangspunkta gjer med barn sin oppvekst. Kunnskapen må nyttast til å både forstå dei mange ulike sosiale utgangspunkta, óg ha fokus på korleis desse kan utvikla seg i møte med eit system.

3.2.3 Barn som pårørende

Familielivet er store og små hendingar som kan gjera barn til pårørende på ulike måtar. Det er vanlegast å tenka på barn som pårørende når føresette eller søsken er sjuke, som følgje av psykisk sjukdom, fysisk sjukdom eller ein skade, men det finst og mange andre årsaker til at barn opplever at kvardagen vert vanskeleg, og at dei kan kallast pårørende. Det er til dømes barn som opplever at føresette misbruker alkohol eller andre rusmiddel. Barn er også pårørende når nokon av dei næraste dør. Fleire barn enn me trur, opplever og å vera vitne til vald i familien. Nokre barn har og ein føresett som sit i fengsel.

Det å vera pårørende kan medverka til at barn opplever angst, depresjonar, åtferdsvanskar, konsentrasjonsvanskar eller fråfall frå skule og utdanning.

Tilsette i kommunen er pålagt å handla dersom dei opplever ein otte knytt til eit barn eller ein ungdom, sjølv om ein i utgangspunktet har kontakt med dei føresette. Når tilsette vurderer at situasjonar i heimen vil påverka barna, bør me snakka med føresette om kor viktig det er å samarbeida med barnehage, skule eller helsestasjon.



4.0 FOKUSOMRÅDE

Ullensvang kommune har som mål at alle barn og unge skal ha like sjansar uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnadar og utgangspunkt. Dette syner igjen i visjonen til sektor for oppvekst og utdanning:

“ULIKE UTGANGSPUNKT - LIKE SJANSAR”

Det overordna satsingsområde er at det skal vera ein utviklande, utfordrande og sunn kommune for alle barn og unge. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats for å få dette til.

Alle barn har rett til eit TRYGT, GODT OG INKLUDERANDE barnehage- og skulemiljø. Arbeidet kring dette viktige temaet vil vera endå meir fokusert framover. Samarbeidet med heimane vil vera heilt avgjerande for å lukkast. (Spesifisert i Meld.st. 6 2019-2020 og rammeplanen for barnehagen ((gjeldande frå 1.august 2017)).

Både Rammeplanen og Kunnskapsløftet gjev klare retningslinjer om retten som barn har til gode oppvekstvilkår med vekt på:

- eit godt psykososialt miljø
- null-toleranse for mobbing
- tilrettelegging og tilpassa opplæring etter behov og føresetnadene til barna
- høve for fysisk aktivitet ute og inne, både i undervisning og i pausar

For å få dette til må barnehagane og grunnskulane i Ullensvang leggja til grunn:

- eit grundig implementeringsarbeid ved utarbeiding av årsplanar.
- eit grundig arbeid med å gjera fokusområda synlege ved utarbeiding av års-/handlingsplan for verksemdene, og handla etter dei.
- eit godt samarbeid med føresette, helsetasjon, skulehelsetenesta, PPT og vaksne som gode rollemodellar.



Gode barnehagar og skular som løfter alle barn, uavhengig av bakgrunn, er dei viktigaste bidraga for å skapa eit samfunn med små skilnadar og like høve for alle. Barnehagen og skulen skal tenna gneisten som trengst for at barn og unge skal utvikla seg og læra, få eit godt liv og bli godt rusta til utdanning og jobb. Det er difor viktig at barnehage og skule samarbeider med helsetasjon/skulehelsetenesta og dei andre verksemdene i oppvekst og utdanning som barn kan koma i kontakt med.

Tiltaka i tabellen blir meir utdjupa i dei ulike kapitla.

Fokusområde	Tiltak	Ansvar
1 Tidleg innsats s. 23	- Fokus på tidleg innsats for alle barn - Verksemdene har nedskrivne rutinar som skal sikra tidleg identifisering av barn/unge med behov og gi eit betre samordna hjelpetilbod - Dokumentert samarbeid mellom verksemdene i oppvekst og helse der samarbeid er nødvendig til det beste for barn og unge - Årshjul med: - Praksis for kartlegging - Tett samarbeid med føresette BTI.	Alle tilsette i sektor for oppvekst og utdanning
2 Samhandling rundt utsette barn og unge - Fookus på arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg Innsats s. 25	- Fokus på samhandling rundt utsette barn og unge - fokus på arbeidsmetodikken BTI - Det er høg realkompetanse i alle ledd når det gjeld BTI-arbeid - Det er utarbeidd implementeringsplan for BTI på dei ulike verksemdene - Etablera og utvikla BTI som arbeidsmetodikk ved alle verksemder i sektor for oppvekst og utdanning - Ved systematisk arbeid over tid legg versemdene til rette for å auka kompetanse hos dei tilsette når det gjeld BTI.	Alle som arbeider direkte med barn og unge.
3 Barn skal vera involverte i dialog og prosessar som gjeld dei. s. 26	- Verksemdene har rutinar som sikrar at barn er involverte i dialog og prosessar som gjeld dei - Barnet har rett til å seia si meining i alt som vedkjem det og barnet sine meningar skal vektleggjast - Barn skal medverka i utforming av undervisningstilbod og spesialpedagogisk arbeid.	Alle som arbeide direkte med barn og unge. Foreldre/føresette
4 Fokus på samarbeid med føresette s. 27	- Alle verksemdene har system og rutinar for gjensidige forventningar mellom teneste og heim - Samarbeidet med heimen skal organiserast av verksemda på ein slik måte at dei føresette kan delta og bidra, uavhengig av bakgrunn og føresetnader - I samarbeidet er begge partar medvitne ansvaret sitt og slik stiller krav til kvarandre - Skule og barnehage utarbeider årsplanar der eit konkret og planmessig samarbeid mellom barnehage/skule og heimen er synleggjort.	Verksemdsleiar og alle som arbeider direkte med barn og unge Foreldre/føresette



5 God oppstart og trygge overgangar s. 30	• Kommunen har gode rutinar for oppstart i barnehage og skule • Kommunen har gode rutinar for overgangar i utdanningsløpet • Barnehage og skule har system for å bruke rutinane: ◦ Plan for overgang barnehage-skule ◦ Plan for overgang barnetrinn-ungdomstrinn ◦ Plan for overgang ungdomstrinn-vidaregåande • Ungdomsskulane skal tilby ein god rådgivings- og rettleiingsteneste • Verksemdene har rutinar for gjennomføring av samarbeidsmøte/overgangsmøte for einiskild elevar der det er naturleg • Helsestasjon/skulehelsetenesta skal vera involvert i samarbeidsmøte/overgangsmøte for einiskild barn der det er naturleg.	Kommunenivå, verksemdsleiar og tilsette Foreldre/føresette
6 Barna opplever eit trygt, godt og inkluderande barnehage- og skulemiljø s. 32	• Førebyggja mobbing og andre krenkingar,- nytta gjeldande handlingsplanar • Inkluderings skal vera ein grunnleggjande premiss i arbeidet • Inkluderings krav at barnehagane, skulane og SFO-ene har fleksible løysingar til å tilpassa tilbodet slik at alle blir tatt vare på • Den einiskilde har toleranse og respekt for at me er ulike • Fremja gode og trygge miljø • Barna opplever at dei vaksne er tilgjengelege for dei • Førebyggja, hindra og oppdaga avvik hos barn og unge (Handlingsløyfa s. 9).	Verksemdsleiar og tilsette Foreldre/føresette
7 Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring s. 35	• Barna og elevane skal oppleva eit heilskapleg tilbod der dei spesialpedagogiske tiltaka heng godt saman med det ordinære tilbodet • Barnehage og skule har fleksible løysingar og set av nok ressursar til å tilpassa tilbodet slik at alle blir tatt vare på og dei ulike føresetnadene til barna sikra • Verksemdene arbeider metodisk ved tilrettelegging og tilpassa opplæring • Pedagogane vurderer om barna får godt nok utbytte av tilrettelegging og tilpassa opplæring • Det skal vera rutine for god rettleiing gjennom støtteapparat ◦ God rettleiing i barnehage ◦ God rettleiing i skule.	Kommunenivå, verksemdsleiar og tilsette
8 Kjennskap til utarbeidde planar, rutinar og handbøker	• Fagstab oppvekst og utdanning har oversikt over gjeldande planar, rutinar og handbøker • Verksemdene har eit system/årshjul for å halda seg orienterte ift dei ulike planane, rutinane og handbøkene som finst • Dei tilsette som arbeider med barn og unge skal kjenna til og nytta planar,	Kommunenivå, Verksemdsleiar og tilsette



s. 38	rutinar og handbøker som gjeld i oppvekst og utdanning • Felles forståing for gjeldande planar, rutinar og handbøker.	
9 Fokus på kvalitet og tilsette med rett kompetanse i oppvekst og utdanning s. 39	• Verksemdene har kvalifiserte tilsette • Verksemdene har plan for korleis dei ved systematisk arbeid over tid vil auka kompetansen hos dei tilsette: ◦ Vidareutdanning ◦ Aktuelle kurs og fagdagar ◦ kompetanseutvikling for å fremja gode og trygge miljø og førebyggja mobbing og andre krenkinga • Verksemdene legg til rette for auka kompetanse på vurderings- og analysepraksis • Fagstab oppvekst og utdanning utarbeide implemteringsplan for BTI • Verksemdene legg i planperioden til rette for auka kompetansen på BTI ved systematisk arbeid over tid • Det er ekstern vurdering i barnehage og skule • PPT bidreg med kompetanse og rettleiing til dei tilsette • Kommunepsykolog og helsesjukepleiar bidreg med kompetanse og rettleiing til dei tilsette • Skulehelsetenesta bidreg med kompetanse og rettleiing til dei tilsette.	Kommunenivå, verksemdsleiar og tilsette

Omgrepa som blir brukte i planen om fokusområde, mål og tiltak som skal synleggjerast er **"slik vil me ha det og sånn gjer me det"**. Gjennom desse mål- og tiltaksomgrepa konkretisere Ullensvang kommune mål oppvekst og utdanning vil arbeida mot og dei handlingane som skal føra til at måla blir nådde.

4.1 Forventningar til verksemdene

Planane til verksemdene skal sikra samanheng mellom dei 9 kommunalt definerte fokusområdene og arbeidet i verksemdene. Verksemdene sine planar skal syna tydeleg samanheng mellom nasjonale og kommunale føringar.

I Oppvekstplanen er strategiske fokusområde synleggjorte. Alle verksemdene i oppvekst og utdanning har felles fokusområde, men det er nokre fokusområde som i hovudsak gjeld barnehage og skule. Verksemdene skal ta utgangspunkt i desse når dei kvart år utarbeider ein plan for mål og tiltak som skal gjerast synlege i års-/handlingsplan til verksemda. I planen skal det og koma fram korleis den enkelte verksemda følgjer opp og tek vare på satsinga som er kome fram i mål- og tiltaksdelen.

Oppvekstplanen vil vera eit styringsverktøy for fagstab oppvekst og utdanning i samarbeid med verksemdsleiarar for å implementera tiltaka, og for å delta aktivt i det tverrfaglege arbeidet med å byggja gode samhandlingskulturar til beste for barn og unge.

I tillegg kjem det jamleg statlege satsingkampanjar. Verksemdene vurderer kvar satsning og deltar når det er føremålstenleg og passar inn i andre planar.



5.0 TIDLEG INNSATS

Tidleg innsats er eit omgrep som gjeld for mange område. Det har vorte laga fleire definisjonar av ulike fagfolk og frå statleg hald. Felles for definisjonane er at tidleg innsats vil seia at ein grip inn i livet til eit barn så snart ein oppdagar at utfordringa oppstår og blir avdekka, -førebyggja betre og avdekka tidlegare. I St.meld nr. 16 Og ingen sto igjen (2006-2007) side 10 skriv dei om korleis me skal forstå tidleg innsats:

“Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barnas liv, og tidlig inngripen når problemer oppstår eller avdekkes i førskolealder, i løpet av grunnopplæringen eller i voksen alder.”

Tiltak kan vera å leggja til rette innanfor det ordinære tilbodet og/eller å setja inn særskilde tiltak (Meld.st. 6 2019-2020). For å kunna gjera dette, må kvar og ein som arbeider med barn og unge i Ullensvang kommune arbeida med tidleg innsats innan ansvarsområdet sitt. Fokusområde 1- Tidleg innsats - viser igjen i dei 8 andre fokusområda.

Ullensvang kommune har valt å satsa på arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). BTI medverkar til at barn og unge kan få nødvendig og samordna hjelp så tidleg som mogleg for å unngå skeivutvikling og redusera skade. Brukarane blir involverte i heile prosessen, så langt det er føremålstenleg. Barna har rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei. Det å styrka foreldrerolla er eit viktig prinsipp i arbeidet med tidleg innsats (Fokusområde 2, 3 og 4).

Ein stor del av alle barn mellom eitt og fem år går i dag i barnehage i Ullensvang kommune, og tiårig grunnskule er obligatorisk for alle barn i skulealder. Barnehage og skule er på denne måten viktige sosialiseringsarenaer i livet til barn. Overgangar er viktige steg i barn og unge sine liv. Kommunen har plan for overgangar frå barnehage til vidaregåande opplæring. Planane fokuserer på at overgangane skal vera trygge og gode og ivareta behovet til det einskilte barnet (Fokusområde 5).

Regjeringa har som mål at ni av ti elevar som byrjar på vidaregåande opplæring skal fullføra og stå innan 2030. For å nå dette målet er det viktig at barna får eit godt pedagogisk tilbod alt frå dei er små. Barnehagar og skular med høg kvalitet har dyktige lærarar, leiarar og andre tilsette som syter for at barn og elevar meistrar, lærar og utviklar seg ut frå eigne føresetnader. Barnehagane og skulane må saman med dei føresette leggja til rette for at barna og elevane etablerer gode relasjonar og trygg tilknytning til dei tilsette og andre barn og elevar, og at dei opplever meistring, at dei lukkast og trivst. Barna skal kvar dag oppleve eit heilskapeleg tilbod med tilrettelegging og tilpassa opplæring. (Fokusområde 6 og 7).

Ullensvang kommune har sterkt fokus på kompetanseheving for å utvikla ei felles forståing og eit felles språk i arbeidet med barn og unge. Ved å heva kompetansen til dei tilsette vil me og betre kunne sikra tidleg innsats. (Fokusområde 8 og 9).





Fokusområde 1: Tidleg innsats

Slik vil me ha det:

Me har gode rutinar på å førebyggja betre og avdekka tidlegare

Sånn gjer me det:

- Fokus på tidleg innsats for alle barn.
- Verksemdene har nedskrivne rutinar som skal sikra tidleg identifisering av barn/unge med behov og gi eit betre samordna hjelpetilbod
 - Barn med spesielle behov eller utfordringar skal identifiserast og fangast opp tidlegast mogleg både i alder og omfang.
 - Gi hjelp så tidleg som det er mogleg for at utfordringa forsvinn eller blir redusert.
- Dokumentert samarbeid mellom verksemdene i oppvekst og helse der samarbeid er nødvendig til det beste for barn og unge
- Verksemdene har årshjul med:
 - Praksis for kartlegging
 - Tett samarbeid med føresette
 - BTI

Tidleg innsats er og:

- Fokus på alle dei andre åtte fokusområda
- Å søkja råd og rettleiing hos dei ulike tenestene og tverrfaglege samhandlingsarenaene
- Ullensvang kommune arbeider for vidareføring av det tverrfaglege førebyggjande teamet "God skulestart" for alle elevar på 1. trinn.



6.0 SAMHANDLING RUNDT UTSETTE BARN OG UNGE - FOKUS PÅ ARBEIDSMETODIKKEN BETRE TVERRFAGLEG INNSATS (BTI)

Ullensvang kommune har valt å satsa på arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). BTI bidrar til at barn og unge kan få nødvendig og samordna hjelp så tidleg som mogleg for å unngå skeivutvikling og redusera skade. Brukarane blir involverte i heile prosessen, så langt det er føremålstenleg.

Som tilsett er du pålagt å handla om du opplever ei uro knytt til eit barn. Uro knytt til barn som t.d. strir litt med lesinga og skrivninga, mistrivst på skulen eller i barnehagen, slit med å få vener, vegrar seg for å eta, gjer seg dårleg forstått, mobbar eller plagar andre eller manglar nokre ferdigheiter som ein normalt kan forventa i ein gitt alder. Eller kanskje opplever ein signal frå dei føresette som gjer oss urolege for evna deira til å vera føresette. Uroa tek me opp med næraste leiar og saman legg me ein plan for vidare arbeid.

Ullensvang kommune har eigen nettsida kor alle kan finna informasjon om ulike tenester, tiltak og ein handlingsrettleiar med nivå og steg som dei tilsette/verksemdene skal følgja.

www.ullensvang.betreinnsats.no



Fokusområde 2:

Samhandling rundt utsette barn og unge - fokus på arbeidsmetodikken Betre tverrfagleg Innsats - BTI

Slik vil me ha det:

BTI er felles satsingsområde i sektor for oppvekst og utdanning

Sånn gjer me det:

- Fokus på samhandling rundt utsette barn og unge - fokus på arbeidsmetodikken **BTI**
- Det er høg realkompetanse i alle ledd når det gjeld BTI-arbeid
- Det er utarbeidd implementeringsplan for BTI på dei ulike verksemdene
- Etablera og utvikla BTI som arbeidsmetodikk ved alle verksemdar i sektor for oppvekst og utdanning
- Ved systematisk arbeid over tid legg versemdene til rette for å auka kompetanse hos dei tilsette når det gjeld BTI.

Dette medverkar til at:

- Dei tilsette er kjende med og nyttar BTI-rettleiaren ved uro for eit barn.
- Ved uro for eit barn handlar dei tilsette raskt og i samarbeid med den det gjeld og deira føresette, og andre *etater* der det er nødvendig.
- Samhandlinga er prega av gjensidig tillit og fokus på å oppfylle egne plikter i samarbeidet, og å halda arbeidsflyten gåande.

Kommunen skal tidleg inn med ekstra styrking for dei barna som treng det.

Barn som viser manglande progresjon, treng ikkje nødvendigvis spesialpedagogisk hjelp.

Dei treng vaksne som handlar raskt på uroa si og tilpassar tilbodet til barnet sitt behov.

Barn treng vaksne som har fokus på det barna er gode på, og dei treng eit systematisk og målretta tilbod knytt til utfordringar. Heime treng dei føresette som motiverar og følger tett opp om utvikling og aktivitet.

Dei aller fleste barn og unge går det bra med, men nokon har utfordringar knytt til fysisk eller psykisk helse, lærevanskar eller språkutfordringar. Dei kan vera fødde inn i, eller



hamna i vanskelege livssituasjonar på grunn av utfordringar i familien.

Denne typen utfordringar kan ofte ikkje løysast kvar for seg, eller ein av gongen, men krev ein tidleg, samtidig og samordna innsats frå ulike sektorar, forvaltningsnivå, tenester og profesjonar. Det må vera eit godt fungerande tenesteapparat som kan sikra barn og unge med spesielle behov, rett hjelp til rett tid. Fordi saker rundt barn ofte er samansette, vil dei i mange høve ha behov for tiltak og tenester frå fleire instansar. Ein føresetnad for å lukkast er difor eit godt tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

Hensikta med BTI er tidleg innsats, samordna tenester og medverknad frå brukarane. Modellen eignar seg både som eit hjelpemiddel for å ta strategiske avgjerder og for å systematisera det praktiske arbeidet for tenester som møter gravide, barn, unge og føresette det er knytta undring eller uro til. BTI-arbeidet involverer alle relevante tenester i utforminga av den lokale modellen og i oppfølginga av brukarane for å sikra samordna oppfølging overfor denne målgruppa.

7.0 BARN SKAL VERA INVOLVERT I DIALOG OG PROSESSAR SOM GJELD DEI

Barn har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei. Meininga til barn skal bli vektlagt i tråd med barnet sin alder og mogning, og meininga til barn har ei unik tyding uavhengig av andre sine meiningar og oppfatningar på barnet sine vegne. (Meld.st. 6 (2019-2020)).



Fokusområde 3:

Barn skal vera involvert i dialog og prosessar som gjeld dei

Slik vil me ha det:

Barn har rett til å seia meininga si i alt som vedkjem dei

Sånn gjer me det:

- Verksemdene har rutinar som sikrar at barn er involverte i dialog og prosessar som gjeld dei
- Barnet har rett til å seia si meining i alt som vedkjem det og barnet sine meiningar skal vektleggjast
- Barn skal medverka i utforming av undervisningstilbod og spesialpedagogisk arbeid.

Dette innebere at:

- Meininga til barn har ei unik tyding uavhengig av andre sine meiningar og oppfatningar på barnet sine vegne
- Meininga til barn skal bli vektlagt i tråd med alderen og mognaden til barnet
- Ved uro for eit barn handlar dei tilsette raskt og i samarbeid med den det gjeld og føresette.
- Barn skal bli høyrd i saker som gjeld dei.
- Verksemdene skal fokusera på styrkene til barne.

Eit av fokusområda i oppvekstplanen er at barn skal vera involvert i dialog og prosessar som gjeld dei. Barnet sine meiningar skal vektleggjast. Fleire lover inneheld reglar som sikrar barn og unge rett til å uttala seg i saker som vedkjem dei. Dette står mellom anna i barnelova, barnehagelova, barnevernlova og opplæringslova. På kultur- og fritidsområdet må barn og unge sikrast høve til å delta i planlegging, utforming og styring av tilbod og aktivitetar.



7.1 Medverknaden til barn og unge

Medverknad frå barn og unge kan skje gjennom ulike former for deltaking og ulik grad av påverknad. Eit sentralt skilje går mellom aktiv og passiv medverknad, og me kan peika på tre former eller nivå for medverknad:

- barn og unge blir brukt som informantar for andre som planlegg og tek avgjerder – passiv medverknad
- barn og unge bidreg med opplysningar og synspunkt gjennom dialog
- aktiv medverknad ved at barn og unge er deltakarar i prosess og bidreg med løysingar og forslag

Alle skulane i kommunen har elevråd der elevane har sin medverknad. Representantar frå elevråda er og med i Samarbeidsutval på skulane. Både offentlege organ og frivillige organisasjonar har klare utfordringar i å leggja til rette for auka medverknad frå barn og unge. Auka samspel mellom offentlig og frivillig sektor er nødvendig for å sikra ein god barne- og ungdomspolitik. Med ulike verkemiddel må det frå kommunen si side bli lagt til rette for at barn og unge blir stimulerte til engasjement og arbeid som viser medansvar for andre. Kommunen må ivareta initiativ til å halda fram og forsterka dialog og samarbeid med barn og unge, med frivillige organisasjonar og grupper, med føresette og andre ressurspersonar - og gjennom eit slikt samarbeid koma fram til ein strategi eller plan for korleis me i fellesskap kan betra oppveksttilhøvet i alle delar av kommunen.

Ullensvang kommune skal kvart år gjennomføra eit møte med Barn og unges kommunestyre (BUK). På møta i BUK blir søknadar om pengar frå den einskilde skule handsama. Søknadane kjem frå barnet og ungdommen til kommunen sjølv, gjennom representantane frå elevråd og skal koma skulane og barn og unge i lokalsamfunnet til gode.

Ullensvang kommune har eige Ungdomsråd etter kommunelova §5-12. Ungdomsrådet er eit medverknadsorgan som skal sikra brei, open og tilgjengeleg medverknad frå ungdom i alle saker som gjeld dei. Det skal vera mogleg for tidleg medverknad slik at ein kan sikra at ungdomsråda sin uttale får høve til å påverka utfallet av saka, dei har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom.

8.0 FOKUS PÅ SAMARBEID MED FØRESETTE

Ein føresetnad for den positive utviklinga til barn er at dei veks opp i sikre omgjevnader der dei føler seg trygge og blir tatt vare på. Me veit at familien og særleg føresette er dei første og viktigaste støttespelarane til barn, og «lærarar» gjennom heile livet. Barn er fødte med ein naturleg forvitenskap på verda, dei er aktive og utforskande, alltid klare til å læra og oppdaga noko nytt. Det er først og fremst i relasjon og samspel med føresette at utviklinga til barnet skjer. Barn utviklar seg og lærer heile tida gjennom leik, utforsking, aktivt engasjement og ved å bruka sansane sine.

Eit godt tverrfagleg samarbeid er med på å byggja eit godt lag rundt barna og elevane. Eit godt samarbeid med heimen er derfor viktig for alle tenestene barn og unge samhandler med.



Oppveksttilhøvet i Ullensvang kommune skal vera prega av samhandling og trivsel. Dei erfaringane som barn og unge får i heimen, barnehagen, skulen og på andre arenaer har konsekvensar for korleis dei ser på seg sjølve, vonene dei har for framtida og kva for høve dei har seinare i livet.

For å kunna trivast og ha best moglege føresetnader for å læra og utvikla seg i barnehagen og på skulen treng barna og elevane støtte frå sine føresette.

Kommunepsykolog, helsestasjon, barnevern og PPT kan gi rettleiing til føresette for å trygge dei i foreldrerolla eller samspel med barna. Dei føresette kan få vita korleis dei kan få hjelp, og når dei kan venta å få hjelp. Dei får vita kva høve dei har til å påverka og gi tilbakemelding om kvaliteten på tilbodet dei får.



Fokusområde 4:

Fokus på samarbeid med føresette

Slik vil me ha det:

Heim og dei ulike oppveksttenestene samarbeide til beste for barnet

Sånn gjer me det:

- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Alle verksemdene har system og rutinar for gjensidige forventningar mellom teneste og heim • Samarbeidet med heimen skal organiserast av verksemda på ein slik måte at dei føresette kan delta og bidra, uavhengig av bakgrunn og føresetnader. | <ul style="list-style-type: none"> • I samarbeidet er begge partar medvitne ansvaret sitt og slik stiller krav til kvarandre • Skule og barnehage utarbeider årsplanar der eit konkret og planmessig samarbeid mellom barnehage/skule og heimen er synleggjort. |
|--|---|

8.1 Fokus på samarbeid med føresette i barnehage og skule

For å kunna trivast og ha best moglege føresetnader for å læra og utvikla seg i barnehagen og på skulen treng barna og elevane støtte frå sine føresette. I følge Barnelova §30 er det føresette som har hovudansvaret for barnet si oppseding. Barnehage og skule er viktige arenaer i livet til barn og unge og må ha fokus på å involvera, informera og samarbeida med føresette.

Samarbeid mellom heim og barnehage

"Foreldreansvaret innebærer at foreldrene har et omsorgsansvar for barnet, og at de har bestemmelsesrett på barnets vegne. I den tiden barnet er i barnehagen, tar barnehagen seg av deler av omsorgs- og oppdrageroppgavene. Barnehagen representerer et kompletterende miljø til hjemmet, og må vise forståelse og respekt for ulike familieformer."

St.mld nr. 41: Kvalitet i Barnehagen

Samarbeid mellom heim og skule.

Læreplanverket (Opplæringslova 1-2 og forskrift kapittel 3)) slår fast følgjande:



“Foreldrene/de foresatte har hovedansvaret for egne barn og de har stor betydning for barnas motivasjon og læringsutbytte. Samarbeidet mellom skole og hjem er sentralt både i forhold til å skape gode læringsvilkår for den enkelte og et godt læringsmiljø i gruppen og på skolen. En forutsetning for godt samarbeid er god kommunikasjon. I samarbeidet vil gjensidig kommunikasjon om elevenes faglige og sosiale utvikling og deres trivsel stå sentralt. Samarbeidet mellom skole og hjem er viktig i hele grunnopplæringen, men vil endre karakter og form etter hvert som elevene blir eldre og får større ansvar for egen læring og utvikling.”



Fokusområde 4:

Fokus på samarbeid med føresette i barnehage og skule**Slik vil me ha det:****BARNEHAGE:**

Heim og barnehage samarbeider om barnet og utviklinga til barnet.

SKULE:

Det er eit konkret og planmessig samarbeid mellom skule og heimen, der begge partar er sitt ansvar medvite, stiller krav til kvarandre og arbeider saman for å skapa robuste barn.

Sånn gjer me det:

- Barnehagen har system og rutinar for gjensidige forventningar mellom barnehage og heimen.
- Årsplan skal tydeleggjere korleis føresette best kan bidra til barnet sin trivsel, leik, læring og utvikling.
- Føresette opplever at det vert lagt til rette for samarbeid og god dialog
- Det er låg terskel for å ta kontakt med barnehagen/heimen
- Heimen er godt orienterte om barnehagekvardagen
- Barnehagen har gode rutinar på samtale i hente/bringe situasjonar
- Individuelle behov og tilrettelegging i dagleg dialog.
- Barnehagen tilbyr minimum 2 foreldresamtalar kvart barnehageår.
- Barnehagen har minimum 2 foreldremøte kvart barnehageår.
- Barnehagen legg til rette for medverknad gjennom foreldreråd og samarbeidsutval. Årsplan skal tydeleggjere samarbeidet.

- Skulen har system og rutinar for gjensidige forventningar mellom skule og heim.
- Årsplan skal tydeleggjere korleis føresette best kan bidra til barnet sin motivasjon, utvikling og læring gjennom heile læringsløpet.
- Skulen har hovudansvaret for å leggja tilrette for god og nær kontakt med heimen.
- Skulen skal ha god dialog med føresette, og kunne gje rettleiing om tilgjengelig og relevante støttetilbod.
- Gjensidige forventningar mellom heim og skule skal avklarast.
- Skulen utarbeide struktur for utviklingssamtalene som sikrar dialog.
- Skulen tilbyr minimum 2 foreldresamtalar kvart skuleår.
- Skulen har minimum 2 foreldremøte kvar skuleår.
- Skulen legg til rette for medverknad gjennom rådsorganene; foreldreråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval. Årsplan skal tydeleggjere samarbeidet.

Ullensvang kommune forventar at alle barnehagar og skular legg til rette for eit godt samarbeid med føresette og møter alle føresette med respekt for kva dei kan bidra med. Samarbeidet med dei føresette skal organiserast av barnehage og skule på ein slik måte at dei føresette kan delta og bidra, uavhengig av bakgrunn og føresetnader.

Foreldra må få den informasjonen dei treng. Det skal vera lett å ta kontakt begge vegar for skulen/barnehagen og føresette med til dømes SMS, telefon og møte. Det er eit ynskje at ting blir tatt opp undervegs, og ikkje samla opp saker over lengre tid. Når samarbeidet blir utfordrande er det barnehage eller skule som har ansvar for å ha gode strategiar.



Eit godt samarbeid med føresette inneber at dei føresette får medverka i spørsmål som gjeld barna deira. For å fremja eit godt miljø og eit inkluderande fellesskap og hindra sosial ekskludering, er det eit mål å arbeida fram gode reiskap for dialog og samhandling med heimane.

Barnehagane og skulane skal tydeleggjera samarbeidet med foreldreråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval. Foreldra er ein ressurs og med eit tett samarbeid kan dette vera ein sterk bidragsytar til positiv innverknad på det psykososiale miljøet.

9.0 GOD OPPSTART OG TRYGGE OVERGANGAR

Alle overgangar, frå ein arena til den neste kan vera kritiske for barn. Alle barn som byrjar i barnehage eller skule skal ha ein trygg, god og planlagt oppstart. Oppstarten skal vera trygg og god både for føresette, barn og dei tilsette som skal samarbeida med heimen. Ved behov har helsestasjon og barnehage samarbeidsmøte ved oppstart i barnehagen. Skulehelsetenesta bør vera med der det er naturleg på overføringsmøte rundt einskilde barn i skulen. Det skal vera god samanheng ved overgangane i utdanningsløpet



Fokusområde 5:

God oppstart og trygge overgangar

Slik vil me ha det:

Kommunene har gode rutinar for oppstart og overgangar. Verksemda har system for å bruka rutinane.

Sånn gjer me det:

- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen har gode rutinar for oppstart i barnehage og skule • Kommunen har gode rutinar for overgangar i utdanningsløpet • Barnehage og skule har system for å bruka rutinane: <ul style="list-style-type: none"> ◦ Plan for overgang barnehage-skule ◦ Plan for overgang barnetrinn-ungdomstrinn ◦ Plan for overgang ungdomstrinn-vidaregåande. | <ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsskulane skal tilby ein god rådgivings- og rettleiingsteneste • Verksemdene har rutinar for gjennomføring av samarbeidsmøte/overgangsmøte for einskild elevar der det er naturleg • Helsestasjon/skulehelsetenesta skal vera involvert i samarbeidsmøte/overgangsmøte for einskilde barn der det er naturleg. |
|--|---|

I Ullensvang kommune skal alle barnehagar ha gode nedskrivne rutinar for tilvenning. Det skal og vera ein fast plan for:

- overgang frå barnehage til skule
- overgang frå barneskule til ungdomsskule
- overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

Mange kan oppleva overgangen til vidaregåande skule som krevjande. Ungdomsskulane i Ullensvang skal derfor ha ein god rådgivings- og rettleiingsteneste i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande. Ved behov er det samarbeidsmøte/overgangsmøte for einskilde elevar ved overgang frå ungdomstrinn til vidaregåande.

I 2018 fekk barnehagen, skulen og SFO ei lovfesta plikt til å samarbeida for å sikra barna



ein best mogleg overgang frå barnehage til skule (bhl §2a, oppl §13-5), skuleeigar har hovudansvaret for dette samarbeidet. I tabellen under er det utfyllande punkt som er aktuelle i arbeidet med fokusområde på god oppstart og trygge overgangar for barnehage og skule.



Fokusområde 5:

God oppstart og trygg overgangar i barnehage og skule

Slik vil me ha det:

BARNEHAGE:

Barn opplever god oppstart og trygge overgangar til ny avdeling eller skule.

SKULE:

God oppstart og trygg overgang for barn, føresette og skule.

Sånn gjer me det:

- Barnehagen har oppstartssamtale med føresette
- Samarbeidsmøte/overgangsmøte helsestasjon/barnehage der det er naturleg
- Barnehagen utarbeider og følgjer rutine for god tilvenning og overgang til ny avdeling internt i barnehagen
- Barnehagen nyttar tileigna kompetanse som for å utvikla trygg tilknytning og trygge relasjonar mellom barn og omsorgspersonar
- Ved overlevering av informasjon mellom avdelingar og barnehagar skal det føreliggja samtykke frå føresette
- Barnehagen har skuleførebuande aktivitetar og følgjer rutinar for god tilvenning og overgang ved overgang frå barnehage til skule/ SFO
- Barnehagen har kjennskap til skulen sitt læreverk for 1. trinn, slik at me kan leggja til rette for at barna kan få ein god start i skulen
- Kommunens kompetansemiljø medverkar til heilskap og samanheng for barn med utfordringar.

- Skulen skal i samarbeid med dei føresette leggja til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i skulen
- Skulen har eit opplegg for innskriving og besøksdagar for 6-åringane.
- Skulehelsetenesta og PPT deltek aktivt i arbeidet
- Skulen har kjennskap til korleis barnehagen arbeider med skuleførebuande aktivitetar og følgjer rutinar for god tilvenning og overgang frå barnehage til skule/SFO
- Skulane har foreldremøte våren før oppstart ved overgang
- Det er utarbeidd:
 - Plan for overgang barnehage-skule
 - Plan for overgang barnetrinn-ungdomstrinn
 - Plan for overgang ungdomstrinn- vidaregåande
- Det skal vera samarbeidsmøte/overgangsmøte mellom ungdomstrinn og vidaregåande der det er naturleg.

9.1 God skulestart

God skulestart er eit tverrfagleg og førebyggjande tiltak retta mot 1. klassingar. God skulestart er i tråd med tidleg innsats og freistar gje eit godt utgangspunkt for alle elevar med tanke på fysiske, psykiske og sosialt tilhøve. Tiltaket skal bidra til å skape ein best mogleg skulekvardag ved å observera og avdekka utfordringar på gruppe og individnivå. Dei skal foreslå og setja i gang tiltak i løpet av det første skuleåret til elevane.

Det er ein intensjon at God skulestart skal bli vidareført i Ullensvang kommune, men det er ikkje avklart med tanke på implementering i alle skular i løpet av planperioden. God skulestart er derfor ikkje vidare omtala i oppvekstplanen.



10.0 BARNA OPPLEVER EIT TRYGT, GODT OG INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ

Inkludering i eit fellesskap, vennskap og leik med jamaldra styrkar sosial og personleg utvikling og korleis barn og unge har det i kvardagen. Me har i dag vorte meir merksame på kor viktig det er å kunne samhandle med andre barn og unge for å bli verdsette av venner. Alle skal kunna føla seg trygge og viktige, og oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet.

Barnehage, skule og SFO er dei viktigaste fellesarenaer for barn og unge i ei tid prega av stadig raskare endringar og aukande mangfald i samfunnet. Mangfald er verdifullt og det gjev barna og elevane høve til å utvikla toleranse og respekt for at me er ulike. Inkludering handlar om at alle barn og elevar skal oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal føla seg trygge og kunne erfara at dei er viktige. Eit inkluderande fellesskap omfattar alle barn og elevar, mellom anna menneske med levekårsutfordringar, menneske med funksjonsnedsetjing, menneske med anna kulturell bakgrunn, seksuell orientering og kjønnsidentitet eller ulike livsyn-/trusretningar osb. Inkluderande fellesskap i barnehagar og skular gjev grunnlag for å ta vare på mangfaldet. Dette treng dei å læra i samspel med andre barn, unge og vaksne.



Fokusområde 6:

Barna opplever eit trygt, godt og inkluderande barnehage-, skule- og SFO miljø

Slik vil me ha det:

Alle barn skal oppleva tryggleik og inkludering når dei er i barnehage, skule og på SFO

Sånn gjer me det:

- Førebyggja mobbing og andre krenkingar,- nytta gjeldande handlingsplanar
- Inkludering skal vera ein grunnleggjande premiss i arbeidet
- Inkludering krev at barnehagane, skulane og SFO-ene har fleksible løysingar for å tilpassa tilbodet slik at alle blir tatt vare på
- Den einskilde har toleranse og respekt for at me er ulike
- Fremja gode og trygge miljø.

- Barna opplever at dei vaksne er tilgjengelege for dei
- Førebyggja, hindra og oppdaga avvik hos barn og unge (Handlingssløya s. 9).

Utfyllande punkt om korleis barnehage og skule kan arbeida med fokusområdet:

- **Kapittel 10.1:**
 - Barnehagen
- **Kapittel 10.2:**
 - Grunnopplæring og SFO



10.1 Barna opplever eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø

Barn skal få oppleva eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta deira til å leika, utforska, læra og meistra. Barna i barnehagen skal få undersøka, oppdaga og forstå samanhengar, utvida perspektiv og få ny innsikt. Dei skal få bruka kroppen og alle sansar. Barnehagen skal ha fokus på helse til barn gjennom å leggja til rette for variert fysisk aktivitet og sunt kosthald. Barnehagen skal òg leggja til rette for at barn får bidra i eigen og andre si læring (Rammeplan 2017).

Forskinga om den autoritative voksenrolla viser at ho medverkar til å fremma positiv åtferd og hemma negativ åtferd hos barnet. Den autoritative rolla vaksne kan ha er eit grunnleggjande prinsipp i den pedagogiske plattformen til barnehagen. Den vaksne skal arbeida i ein dynamisk kombinasjon av varm relasjonsbygging til barnet og utøving av ei tydeleg vaksenrolle når det gjeld å setja grenser og krav. Grenser og krav er ein viktig del av den grunnleggjande læringsprosessen til barn.

I tabellen under er det utfyllande punkt som er aktuelle i arbeidet med fokusområdet med eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø.



Fokusområde 6:

Barna opplever eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø

Slik vil me ha det:

Barna er aktive i eiga læring og opplever innverknad og inkludering i eigen kvardag

Barna har eit trygt og godt leike- og læringsmiljø

Sånn gjer me det:

- Barnehagen legg til rette for at barna skal få undersøka, oppdaga og forstå samanhengar. Forvitenskap og kreativitet skal stimulerast i leik og læring
- Barnehagen nyttar nærmiljø og natur for å gi barn ulike opplevingar
- Pedagogisk dokumentasjon gjennom observasjonar, dokumentasjon og refleksjonar vert lagt til grunn for å undersøka alle barna sin trivsel og gjev barna rom for å medverka til eiga læring
- Barnehagen sikrar at dei har verktøy som dei nyttar i arbeidet med sosial kompetanse
- Den einaskilde har toleranse og respekt for at me er ulike
- Inkluderande fellesskap i barnehagen gjev grunnlag for å ta vare på mangfaldet og videreutvikle demokratiet.

- Barna skal ha eit trygt og godt arbeidsmiljø både fysisk og psykososialt
- Barnehagen nyttar handlingsplan mot mobbeatferd
- Personalet bygger gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet
- Det fysiske inne- og utemiljøet sikrar behov og interesser til barn, og tek i vare leik og positivt samspel
- Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling
- "Rommet" skal inspirera til læring og utvikling. Det skal vera lagt til rette for at barnet veit kva det skal gjera når det kjem inn.



Leiken er ein viktig del av barndommen. Leik gjev glede og er gledeskapande, samstundes som han er den viktigaste arenaen til barn for læring. Barnehagen skal vera ei god ramme rundt leik, vennskap og kulturen til barna. Sosial og språkleg samhandling blir utvikla gjennom leik. Barn lærer å takla utfordringar, ha tru på seg sjølv og meistra sosialt samspel.

Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering (Løyve om barnehagar §1). Vennskap, respekt og toleranse for skilnadar og opplevinga av å høyra til i eit fellesskap, er med på å førebyggja mobbing og utanforskap.

10.2 Barna oppleve eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø

Ein god skule vektlegg eit godt læringsmiljø. Eit godt læringsmiljø kor det er arbeidsro i klasserommet og elevane har gode relasjonar til lærarane. Barn og unge er ulike, dei har ulik bakgrunn og ulike interesser, erfaringar og føresetnader, og dei utviklar seg i ulikt tempo.

I tabellen under er det utfyllande punkt som er aktuelle i arbeidet med fokusområdet; eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø.



Fokusområde 6:

Barna opplever eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø

Slik vil me ha det:

Alle barn kan nytta seg av eit trygt og godt skuletilbod.

Alle elevane er ein del av eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø og opplever meistring.

Sånn gjer me det:

- Skulen arbeider målretta og førebyggjande mot mobbing i samsvar med opplæringslovas §9a og handlingsrettleiar
- Skulen legg til rette for teknologi og hjelpemiddel som kan gi auka læringsutbytte og betre inkludering
- Skulen har ein plan for korleis dei kan samarbeida med elevane om eigen sosial kompetanse
- Den einskilde har toleranse og respekt for at me er ulike
- Inkluderande fellesskap i skulen gjev grunnlag for å ta vare på mangfaldet og vidareutvikla demokratiet
- Skulen legg til rette for praktiske aktivitetar i kortare periodar for elevar som har behov for ein anna skulekvardag
- Elevar som treng meir praktisk retta undervisning kan få dette via OppMot-tilbodet i Odda.

- Skulen har kultur for inkludering
- Inkludering skal vera ein grunnleggjande premiss i arbeidet
- Skulen skal arbeida med verdier og program som sikrar systematisk arbeid med trygt og inkluderande læringsmiljø
- Zippys venner blir aktivt brukt i 1.-4.klasse
- Skulen arbeider aktivt og systematisk mot mobbing
- Klasse- og læringsmiljøet ved kvar skule skal fangast opp med ei trivselsundersøking på ulike trinn etter plan. Dette i tillegg til elevsamtalen og lovpålagte elevundersøkingar
- Meistring: Elevane skal læra å nytta ulike læringsstrategiar, og det skal bli utarbeidd ein plan over desse knytt til dei ulike trinna
- Skulen kan undervisa etter "Lærings sirkelen" med vekt på mål, kriterier for måloppnåing og varierte arbeidsmetodar.



I ein inkluderande skule skal alle elevar ha maksimale vilkår for å nå måla med skulen, på sin måte gjennom eit godt læringsmiljø. Utfordringa i det er todelt. Skulen er eit sosialt miljø; å få til god samhandling mellom alle aktørane i det miljøet er ei av oppgåvene. Samtidig må elevane få høve til å utvikla nødvendig meistringskompetanse i dette miljøet gjennom engasjementet sitt i ei opplæring som høver for dei (Ogden, 1998).

11.0 FOKUS PÅ TILRETTELEGGING OG TILPASSA OPPLÆRING

Når det er behov for tilrettelegging eller oppstår nye behov undervegs i utdanningsløpet, skal barn og elevar få rask hjelp og tilrettelegging for å unngå at utfordringar veks seg større eller at den positive utviklinga stoppar opp. Det er viktig for at den enkelte skal oppleve seg som ein verdifull del av fellesskapet og ha høve til utvikling og læring. Barn og unge er ulike. Dei har ulik bakgrunn og ulike interesser, erfaringar og føresetnader, og dei utviklar seg i ulikt tempo. Barnehagar og skular må tilpassa tilbodet slik at det tek vare på barn og dei ulike føresetnadene til elevar.

Barnehage og skule må tenka på universell utforming, det handlar om å utforma omgjevnadane slik at me tek omsyn til variasjonen i funksjonsevne hos barn og unge, og personar med nedsett funksjonsevne, dette er ei samansett gruppe. Det kan dreia seg om born og unge som har skade eller avvik i ulike sosiale, kognitive, psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar. Universell utformings-gruppa i kommunen bør nyttast for råd og rettleiing i oppvekst for å sikra like sjansar trass i ulike utfordringar hjå borna.

Ullensvang kommune har fokus på digitalisering, læring på digitale flater og chromebook til alle elevar i grunnskulen. Dette gjev rom for tilrettelagt opplæring og eit høve til å gje barn og unge like sjansar sjølv om dei har ulikt utgangspunkt.



Fokusområde 7:

Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring

Slik vil me ha det:

Barna skal kvar dag oppleve eit heilskapleg tilbod med tilrettelegging og tilpassa opplæring.

Sånn gjer me det:

- Barna og elevane skal oppleve eit heilskapleg tilbod der dei spesialpedagogiske tiltaka heng godt saman med det ordinære tilbodet
- Barnehage og skule har fleksible løysingar for å tilpassa tilbodet slik at alle blir tatt vare på og dei ulike føresetnadene til barna sikra
- Verksemdene arbeider metodisk ved tilrettelegging og tilpassa opplæring
- Pedagogane vurderer om barna får godt nok utbytte av tilrettelegging og tilpassa opplæring.

- Det skal vera rutinar for god rettleiing gjennom støtteapparat
 - God rettleiing i barnehage
 - God rettleiing i skule

Utfyllande punkt om korleis barnehage og skule kan arbeida med fokusområdet:

- **Kapittel 11.1:**
 - Barnehage
- **Kapittel 11.2:**
 - Skule og SFO



11.1 Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring i barnehage

Barnehagen må tilpassa tilbodet slik at det tek vare på barna og dei ulike føresetnadene. Barn og unge er ulike med omsyn til bakgrunn og interesser, erfaringar og føresetnader, og dei utviklar seg i ulikt tempo. Nokre barn og unge har utfordringar som gjer at dei treng ekstra hjelp og støtte. Andre har spesielle evner eller høgt læringspotensial. Barnehagen må tilpassa tilbodet slik at det tek vare på barn og dei ulike føresetnadene.

Barn med minoritetsspråklig bakgrunn har dei same rettane som andre barn i barnehagen, men det er særskilt viktig at dei opplever norsk dagleg av ein omsorgsperson som t.d. ein barnehagelærar. I økonomiplan for Ullensvang kommune står det at det vil vera viktig å arbeida målretta når det gjeld oppfølging og gjennomføring av strategi knytt til mottak og integrering av flyktningar i kommunen. Det er viktig at barnehagane har rutinar for oppfølging og samarbeid, slik at dei best mogleg kan leggja tilrette for barna og deira føresette. Kommunen må arbeida for å leggja til rette for at alle barn får eit fullverdig og likeverdig tilbod med tilpassa opplæring.

I tabellen under er det utfyllande punkt som er aktuelle i arbeidet med fokusområdet med tilrettelegging og tilpassa opplæring i barnehage.



Fokusområde 7:

Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring i barnehage

Slik vil me ha det:

Alle barn kan nytta seg av eit trygt og godt barnehagetilbod.

God integrering av fleirkulturelle barn, slik at dei får eit så godt utgangspunkt som mogleg.

Sånn gjer me det:

- Barnehagemiljøet er tilpassa og tilrettelagt alle uansett føresetnader som gjev særskilde behov, slik at dei får eit så godt utgangspunkt som mogleg
- Barnehagen arbeider kunnskapsbasert og systematisk med å leggja til rette tilbodet, ògså for dei yngste barna
- Barnehagen sikrar at dei har verkty som dei nyttar i arbeidet med sosial kompetanse
- Barnehagen nyttar "Lese for livet planen"
- Miljøet er lagt til rette for at barna får oppleve meistring
- Barnehagen legg til rette for at leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling
- Ved behov samarbeider barnehagane med PPT, helsestasjon, spesialpedagog, BUP e.l.

- Barnehagen legg til rette for at leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling
- Barnehagen følger "Plan for minoritetsspråklege barn"
- Barnehagen følger rutinar for samarbeid med vaksenopplæringen der det er aktuelt
- Barnehagen følger rutinar for samarbeid med Verksemd for inkludering der det er aktuelt
- Barnehagen nyttar nettressurs NAFO
- Barnehageeigar samarbeider med NAV for å sikra at arbeidsinnvandrarar med barn i barnehagealder får informasjon om barnehage.



11.2 Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring i skulen

Lærarane skal tilpassa opplæringa til ulike elevar og situasjonar og ha positive forventningar til utviklinga til alle elevane, både fagleg og sosialt. Nokre barn og unge har utfordringar som gjer at dei treng ekstra hjelp og støtte. Andre har spesielle evner eller høgt læringspotensial innanfor eitt eller fleire fag. Det inneber at grunnskulane må tilpassa tilbodet slik at det tek vare på barna og dei ulike føresetnadene til elevane.

Forsking viser at elevar lærer best saman med andre elevar, gjerne i heterogene grupper. Skulane i Ullensvang kommune skal leggja vekt på å arbeida metodisk i klasserommet der det lar seg gjera, i staden for spesialundervisning ut av klasserommet i små grupper/åleine. Skulane skal arbeida for å undervisa innanfor rammene av ordinær undervisning med styrking for elevar som treng det. Kollegaer meistrar utfordringar saman, evaluerer eigen praksis og vidareutviklar verksemda på grunnlag av aktuell forskning.

I tabellen under er det utfyllande punkt som er aktuelle i arbeidet med fokusområde; tilrettelegging og tilpassa opplæring i skulen.



Fokusområde 7:

Fokus på tilrettelegging og tilpassa opplæring i skulen

Slik vil me ha det:

Skulen er ein lærande organisasjon og har system og rutinar som fremjar god læringsleiing.

Alle elevar opplever auka læringsutbytte ved tilpassa opplæring.

Sånn gjer me det:

- Klasseleiing er eit fokusområde
- Skulen har plan for tilpassa opplæring
- Felles forståing for arbeid med klassemiljø og læring. Dette krev felles satsningsområde, med vekt på kultur og deling
- Det er gode og konkrete kartleggingsløp
- I samsvar med elevtal og kompleksitet skal skulen leggja til rette for økt lærartettleik og assistentressurs knytt til dei lågaste klassestega
- Elevane har medverknad ved utforming av kriterier, arbeidsmåtar og vurdering
- Elevane får undervegsvurdering for å nå måla sine
- Elevane skal kvar dag erfara innhald og varierte arbeidsmåtar som er prega av nysgjerrigheit, utforsking, engasjement og løysingsvilje
- Alle elevane får minst ei skriftlege vurderingar i året.

- Skulen er medviten alle elevar sin rett til tilpassa undervisning, og sørger for at dei som har behov og krav på det også får spesialtilpasningar
- Skulen arbeider kunnskapsbasert og systematisk for å tilpassa opplæringa til føresetnadene og behov til alle elevane
- Elevane skal få undervisning og lekser med eigne læringsmål som er tilpassa den einskilde eleven
- Elevane skal vera kjende med kriterier for måloppnåing
- Elevane skal medverka i eigne arbeidsprosessar og få undervegsvurderingar for å nå måla sine
- Spesialundervisning vert gjeven av pedagogisk personale.
- Skulen nyttar "Lese for livet planen."



Teknologi i opplæringa kan gi auka læringsutbytte og betre inkludering for alle elevar. To-språklege elevar kan ha utbytte av [fleksibel opplæring](#). Her kan dei få undervisning på eige morsmål.

Digitale evner er ein av dei fem grunnleggjande evnene som skal utviklast gjennom heile grunnopplæringa. Stor informasjonstilgang, digital informasjons- og kommunikasjonsteknologi og høg grad av skriftleg framstilling i samfunnet gjer det avgjerande for elevane å meistra grunnleggjande evner i lesing, skriving, rekning og dessutan digitale evner. Å kunne gjera kritiske vurderingar og bruka digitale medium på ein sikker måte er ein sentral del av dette.

12.0 KJENNSKAP TIL UTARBEIDDE PLANAR, RUTINAR OG HANDBØKER

I sektor for oppvekst og utdanning er det utarbeidd ei rekkje planar, rutinar og handbøker. For at alle som arbeider med barn og unge skal ha same utgangspunkt, og i samarbeid kunna forventa det same frå dei ulike verksemdene, er det viktig at alle kjenner til og følgjer opp planar, rutinar og handbøker. Desse er retningsgjevande for arbeidet i verksemdene.



Fokusområde 8:

Kjennskap til utarbeidde planar, rutinar og handbøker

Slik vil me ha det:

Felles forståing for gjeldande planar, rutinar og handbøker for oppvekst og utdanning

Sånn gjer me det:

- Fagstab oppvekst og utdanning har oversikt over gjeldande planar, rutinar og handbøker, og å distribuera dei ut til verksemdene
- Verksemdene har eit system/årshjul for å halda seg orienterte ift dei ulike planane, rutinane og handbøkene som finst
- Dei tilsette som arbeider med barn og unge skal kjenna til og nytta planar, rutinar og handbøker som gjeld i oppvekst og utdanning
- Felles forståing for gjeldande planar, rutinar og handbøker.

Til dømes:

- spesialpedagogisk handbok
- verktøykassar
- tiltaksplan
- Føresette som ikkje bur saman
- Handlingsplan mot mobbeatferd
- Lese for livet
- SOL
- Plan for minoritesspråklege barn i barehage
- Plan for opplæring av minoritesspråklege elevar
- Uro rundt fråvær
- Rutinar for overgangar
- mm



13.0 FOKUS PÅ KVALITET OG TILSETTE MED RETT KOMPETANSE

Framover vil det bli viktig å ha eit sterk fokus på kompetanseutvikling i Ullensvang kommune. Planar og strukturar for fagleg oppdatering og vedlikehald av kompetanse er nødvendig for å sikra ei god teneste i alle verksemdene. God fagkompetanse og eit godt tverrfagleg samarbeid medverkar til at me blir betre i stand til å ta vare på barn og elevvar med behov for særskild tilrettelegging.

Tenestene i oppvekst og utdanning skal saman bidra til at barn og unge får ein god oppvekst. Eit godt tverrfagleg samarbeid er med på å byggja eit godt lag rundt barna og elevane. Arbeidsmetodikken Betre Tverrfagleg innsats (BTI) er eit felles satsingsområde i oppvekst og utdanning. Verksemdene må i planperioden auka kompetansen på BTI ved systematisk arbeid over tid.

Ullensvang kommune har 13 barnehagar og 10 grunnskular, dei har fokus på eit trygt og godt psykososialt miljø. Barnehagane og 3 av skulane vil framover nytta Udir sin kompetanseutvikling "Inkluderande barnehage og skulemiljø." Kommunen har og barnehagar som nyttar regional kompetanseheving i dette arbeidet. Opplæringa skal medverka til å auka dei vaksne sin kompetanse i å førebyggja, avdekka og handtera mobbing i barnehage og skule. Programmet er forskingsbasert. Barnehagar og skular skal lukkast i oppdraga sine med å skapa gode og trygge oppvekstforhold, og nytta forskning inn i det arbeidet dei skal gjera.

Skulane er og inne i ein periode med høgt fokus på fagfornyinga. Eit samfunn i endring krev òg ein skule som fornyar seg. Regjeringa har foreslått å fornya faga i skulen for å gi elevane meir djupnelæring og betre forståing. Fagfornyinga skal gi eit læreplanverk som førebur elevane på framtida. Faga skal få eit meir relevant innhald og tydelegare prioriteringar, og samanhengen mellom faga skal bli betre. I tillegg vil han gi det breie dannelsingsoppdraget til skulen ein tydelegare plass i skulekvardagen. Dette er eit langsiktig arbeid som trer i kraft ved skulestart 2020 og som byggjer vidare på Kunnskapsløftet.

Alle verksemdene skal ha plan for, og leggja til rette for, at dei tilsette kan auka kompetansen over tid. Dette kan gjerast ved vidareutdanning, kurs, fagdagar, systematisk arbeid over tid med læringsmiljø, vaksenrollen, tidleg innsats, auka kompetanse på BTI mm. Dette er med på å fremja gode og trygge miljø og førebyggja mobbing og andre krenkingar og gje grunnlag for gode vurderingsprosesser og analysekompetanse.



I tabellen under er tiltaka og utfyllande punkt som er aktuelle i arbeidet med fokus på kvalitet og tilsette med rett kompetanse i oppvekst og utdanning.



Fokusområde 9:

Fokus på kvalitet og tilsette med rett kompetanse i oppvekst og utdanning

Slik vil me ha det:

Auka kompetanse ved systematisk arbeid over tid.

Sånn gjer me det:

- Verksemdene har kvalifiserte tilsette
- Verksemdene har plan for korleis dei ved systematisk arbeid over tid vil auka kompetansen hos dei tilsette:
 - Vidareutdanning
 - Aktuelle kurs og fagdagar
 - Kompetanseutvikling for å fremja gode og trygge miljø og førebyggja mobbing og andre krenkingar
- Verksemdene legg til rette for auka kompetanse på vurderings- og analysepraksis
- Fagstab oppvekst og utdanning utarbeider implemteringsplan for BTI
- Verksemdene legg i planperioden til rette for auka kompetansen på BTI ved systematisk arbeid over tid
- Det er ekstern vurdering i barnehage og skule
- PPT bidreg med kompetanse og rettleiing til dei tilsette
- Kommunepsykolog og helsesjukepleiar bidreg med kompetanse og rettleiing til dei tilsette
- Skulehelsetenesta bidreg med kompetanse og rettleiing til dei tilsette.

I tillegg bør verksemdene ha fokus på:

- Systematisk arbeid over tid med læringsmiljø, vaksenrollen, tidlig innsats og implementering av gjeldande nasjonale planar
- Å ta imot læringar
- At kvar yrkesgruppe utfører sine arbeidsoppgåver
- Å sikra friske motiverte tilsette, -sikra høgt jobbnærver
- At dei tilsette har høg fagleg kompetanse

Ullensvang kommune har ansvar for å:

- bidra til å heva kompetanse der det er naturleg
- vidareutdanning av tilsette
- å leggja til rette for å sikra leiarkompetanse ved verksemdene
- prioritera vidareutdanning i spesialpedagogikk
- vurderer tilsetjing av personale med sosialfagleg kompetanse der det er naturleg.

Ny bemanningsnorm (Udir. 2018) for barnehagar stiller eit minimumskrav. Det er eit mål at barnehagane i Ullensvang kommune oppfyller pedagognorm og bemanningsnorm. Utfordringa er rekruttering av fleire barnehagelærarar.

I grunnskuleopplæringa knyt kompetansehevinga seg og mot dei vedtekne kompetansekrava for grunnskulelærarar som skal vera innfridde innan 2025. Både norsk-matematikk-engelsk på barnetrinnet og ulike andre fag på ungdomstrinnet og i vaksenopplæring, må bli prioriterte framover. Avgangen på fagleg utdanna personell frå skulane vil også verta ei utfordring i planperioden.

Det er eit mål at helsestasjonstenesta i Ullensvang kommune oppfyller tilrådd minimumskrav som vert stilte i bemanningsnorm (Helsedirektoratet). Dette gjer at kommunen bør ha ein plan for å rekruttera psykolog og helsesjukepleiare i perioden for oppvekstplan 2020-2025.



14.0 SAMANDRAG

Oppvekstplanen synleggjer og forpliktar arbeidet med å leggja til rette for at alle barn og unge i Ullensvang kommune skal få god oppvekst og trygg opplæring. I kommunen skal me ha tilbod som gjev like høve for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats.

Ved å ha felles fokusområde for alle verksemdene i sektoren, vil tilsette som arbeider i oppvekst og utdanning i Ullensvang kommune kunna få felles forståing og betre delingskultur. Ved å nytta felles utarbeidde rutinar, planar og handbøker sikrar ein felles strategi. Dette kan gi betre høve for råd og rettleiing internt mellom tilsette.

Nærast alle mennesker må i dag nytta ulik digital teknologi for aktivt å kunna delta i arbeidslivet og samfunnslivet. Fundamentet i vidare utvikling og utdanning byggjer på det som vert gjort i grunnskulen. Difor må me halda fram med satsinga på digitalisering i vår sektor. Me vil leggja til rette for å nytta digitale hjelpemidler på ein god måte, slik at me hjelper elevane til å verta best mogleg rusta for å leva godt både no og i framtida. Digitalisering er ein dugleik som har og vil ha ein stor verdi framover.

Eit mål er at fleire barn skal få tidleg hjelp dersom vanskar oppstår for å unngå følgjevanskar/skeivutvikling. Det same gjeld føresette som treng rettleiing for å bli trygge i si foreldrerolle, uavhengig av om barnet har særskilte behov eller ikkje. Ved å tilby lågterskeltilbod for familiar og deira barn i alderen 0-12 år, håper me at færre barn vil ha behov for tiltak i regi av t.d. PPT/BUP og barnevern. Det er også eit mål at PPT, verksemdsleiarane og andre tilsette skal dreia individfokus rundt barn meir over til systemfokus. Ved å satsa på tidleg innsats vil me kunna sjå at dei samfunnsøkonomiske gevinstane av førebyggjande arbeid er store. BTI er systematikken alle tilsette som arbeider med barn og unge skal nytta i denne samanhengen. Ved å implementera BTI blir dei tilsette betre kjende med dei ulike tenestene og kva dei kan tilby. Me kan få eit sterkt felles språk, meir direkte, ha fleire einsarta prioriteringar og haldningar, ingen oppfølgingsbrot, og praktisera den reelle medverknaden.



Planen har som mål å gi ein tydeleg retning på korleis kommunen skal sikra kvalitet og etterleva dei krava og forventningar som er retta mot tenester innan sektoren.

Han skal fremja samarbeid og heilskapleg tenking internt i kommunen.

Oppvekstplan strekkjer seg over ein periode på fem år, dette kan føre til at det blir endringar i ordlyden dersom det blir endringar i nasjonale føringar. Nye linker kan og bli lagt til der det er aktuelt.

Referansar

Barnehageloven. Lov av 17. 06.2005 nr 64. Lov om barnehager.

Barnelova. Lov av 08.04.1981 nr 7. Lov om barn og foreldre.

Barnevernloven. Lov av 17. juli 1992 nr. 100. Lov om barneverntjenester.

Helsepersonelloven. Lov av 02.07.1999. nr 64. Lov om helsepersonell.

Barneombudet. Hele barnekonvensjonen.

Johannessen, B. og Skotheim, T. (red.) (2018) Barn og unge i midten: Tverrfaglig og tverretattlig arbeid med barn og unges oppvekst. Oslo: Gyldendal Akademiske

Kommuneloven. Lov av 22.06.2018 nr 83. Lov om kommuner og fylkeskommuner

Kunnskapsløftet - reformen grunnskole og videregående opplæring (LK2006) 2006

Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet

Meld.St. 6 (2019-2020). Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Oslo: Kunnskapsdepartementet

Meld.St. 19 (2015-2016). Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen. Oslo:

Kunnskapsdepartementet

Meld.St. 21 (2016-2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen. Oslo:

Kunnskapsdepartementet

Meld.St. 28 (2015-2016) Fag – Fordypning – Forståelse — En fornyelse av Kunnskapsløftet.

Oslo: Kunnskapsdepartementet

NOU 2017:12. svikt og svik - Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet.

Ogden, T. (1998). Elevatferd og læringsmiljø – læreres erfaringer med og syn på elevatferd og læringsmiljø i grunnskolen. Rapport: Kirke-, undervisnings- og forskningsdepartementet. Oslo.

Opplæringslova. Lov av 17.07.1998 nr 61. Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

Rammeplan for barnehagene - innhold og oppgaver (2017). Oslo: Utdanningsdirektoratet

Spesialisthelsetjenesteloven. Lov av 02.07.1999 nr 61. Lov om spesialisthelsetjenesten mm.

St.meld. nr. 16 (2006-2007).....og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring.

Oslo:Kunnskapsdepartementet.

St.meld. nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i Barnehagen. Oslo: Kunnskapsdepartementet.



Vedlegg 1: Helsestasjon, skulehelsetenesta og kommunepsykolog

Kva	Slik vil me ha det:	Sånn gjer me det:
Svangerskaps-omsorg Førebyggja alvorlege komplikasjonar og sjukdom hos mor og barn	Er eit tilbod til alle gravide og deira partnerar Tilbodet er gratis. Fokusområde; - Mors psykiske helse - Førebyggja og avdekka vald i heimen.	- Gravide med eit normalt svangerskap får tilbod om eit basisprogram med åtte konsultasjonar - Ultralydundersøking er ein av dei åtte .
Førebyggja uynskt svangerskap	Ingen blir ufrivillig gravid etter fødsel.	Informasjon og tilbod om sikker prevensjon
Helsestasjon 0-5 år Foreldra opplever meistring i foreldrerolla	Helsestasjonen ser alle barn frå fødselen og følger med på barnet si fysiske og psykososiale utvikling. Fokusområde: - Psykisk helse - Førebyggja, avverga og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt - God vaksinasjonsdekning.	- Alle får eit tilbod om konsultasjonar (helsekontrollar) etter eit standardprogram på 14 møtepunkt, inkludert heimebesøk sju - ti dagar etter fødselen - Ein kan be om tolk.
Bidra til eit godt samspel mellom føresette og barn	Fremja trygg tilknytning, inneber at barnet opplever seg forstått og får hjelp til å regulera emosjonar.	- Foreldre får rettleiing om samspel i alle konsultasjonar. - Dei som treng det får utvida tilbod.
Førebyggja, avverga og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt	- At føresette blir merksame på eige tanke- og reaksjonsmønster og får verktøy for betre å takla vanskar som oppstår i foreldrerolla - At barn og ungdom får opplæring om kropp og seksualitet, grensesetjing og overgrep tilpassa alder.	- Tema i konsultasjonar med barn og føresette, og med barn og ungdom. - Undervisning om kropp og seksualitet og grensesetjing til barn og ungdom - At barn og ungdom veit kor dei kan søka hjelp om dei treng det.
Nettverk	Open helsestasjon	- Ein gong i månaden arrangerer helsestasjonen småbarnstreff, der føresette møter andre føresette og får informasjon om aktuelle tema - Sjå facebooksida til Ullensvang kommune helsestasjon for program.
Førebyggja smittsame sjukdomar	Minst 95 % av alle barn er vaksinerte etter barnevaksinasjonsprogrammet.	Har rutinar for oppfølging av vaksinasjonsstatus.
Oppdaga fysiske og psykiske utviklingsavvik tidleg	Ha nok fagpersonar med rett kompetanse Oppfølging av barn, unge og føresette ved behov BTI i oppfølginga.	- Regelbunden rettleiing - Utarbeida kompetanseplan for dei ulike deltenestene - Samarbeid med barn, unge og føresette - Tverrfagleg samarbeid,- BTI



Skulehelsetenesta 1. - 10.klasse Foreldra opplever meistring i foreldrerolla	Skulehelsetenesta ser alle barn i skulen og følger med på barnet si fysiske og psykososiale utvikling. Fokusområde: • psykisk helse • førebyggja, avverga og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt • god vaksinasjonsdekning Helsesjukepleiar på alle skulane i kommunen etter tilrådd minstenorm.	• Alle får tilbod om konsultasjonar(helsekontrollar)etter eit standardprogram på sju møtepunkt i løpet av skuletida • Elever, føresette og lærarar kan ta kontakt ved behov utover desse møtepunkta • Ein kan be om tolk ved behov • Helsesjukepleiar er IP-deltakar eller koordinator • Arbeida for å endra ei prosjektstilling til fast stilling og få eigna kontor ved alle skulane.
Skulehelsetenesta - Nettverk	Skulane, barn og unge og deira føresette får, og veit kor dei kan finna, informasjon om skulehelsetenesta og kva dei kan tilby.	• Skriftleg og munnleg informasjon om skulehelsetenesta: • Informasjon om skulehelsetenesta på kommunen sine nettsider og på facebookside til Helsestasjon • Foreldremøte der helsesjukepleiar deltar • Helsesjukepleiar er i klassane og informerer om skulehelsetenesta • Informasjon om korleis barn, unge og føresatte kan få kontakt med skulehelsetenesta • Tilrå samarbeid med føresette i dei enkelte klassane og trinna på skulane.
Fremja fysisk, psykisk og sosial utvikling hos barn og ungdom	Helsesjukepleiar som er tilgjengeleg for elevane og føresette ved skulane.	• Helsesjukepleiar skal ha fast kontortid på skulane der elever, føresette og lærere kan ta kontakt ved behov • Helsesjukepleiar på alle skulane i kommunen; minimum tilrådd minstenorm • Helsesjukepleiar har behov for kontor på skulane. Alle skulane har i dag ikkje eit godt kontor. • Helsesjukepleiar har tid til å ta imot elevar som treng rettleiing på ulike problemstillingar som dei kan finna ei løysing på • Helsesjukepleiar har tid til å ta imot føresette og lærarar med ulike problemstillingar.
Kartlegging av elevar.	Oppfølging av elevar med ulike vanskar, evt saman med føresette.	• Dette kan vera oppfølging ift: ◦ overvekt, etevanskar, angst, depresjon, dårleg sjølvbilde, manglande motivasjon, skulevegning, fråvær av ulike grunnar • Helsesjukepleiar vurderer oppfølging eller tilvising vidare • Diverse kartleggingsverktøy • BTI • Samarbeid med støtteapparatet.
Kurs	Meistringskurs for ungdom i alderen 14-20 år med lette eller moderate symptom på depresjon. Tankevirus,- meistringskurs for ungdom over 16 år med lette til moderate psykiske plager	• Skulehelsetenesta har kurs på ungdomsskule og vidaregåande skule for ungdom og unge vaksen som har behov for det • Kurs blir arrangerte vår og haust.
Hindra uynskt	Tema kropp og seksualitet som	• Undervisning på mange alderstrinn



graviditeter hos ungdom og gi rettleiing om seksuell helse.	tema på ulike alderstrinn	- om kropp og seksualitet tilpassa alder - Stabil bemanning med helsesjukepleiar på den enkelte skule - Ungdom kan oppsøka skulehelsetenesta når dei er på skulen.
Helsestasjon for ungdom 13 - 23 år Ope ein ettermiddag i veka, lokalisert på Odda helsestasjon.	Gratis helsestasjonstilbod for ungdom 13 - 13 år. Her møter ungdom helsesjukepleiar og lege.	- Rettleiing om seksuell helse - prevensjonsrettleiing og tilgjengeleg og sikker prevensjon - P-stav , innsetjing og fjerning - Testing og behandling av seksuelt overførbare sjukdommar - Samtalar om psykisk helse - Samtalar om det ungdom ynskjer å snakka om
Kommunepsykolog-tenesta Lågterskeltilbod til og unge 0-19 år, familieane deira, og aktuelle instansar kring barnet	Individuell oppfølging av barn og unge samt deira familie og aktuelle system kring barnet/ungdommen. Førebyggjande prosjektarbeid og utadretta framlegg. Utvikla fleire gruppetilbod.	- Fokus på tidleg innsats: gravide i risiko og sped- og småbarn - Følgjer individualsaker; og unge ute i barnehagane og skulane, med fokus på rettleiing, systemarbeid og kompetanseauking - Tilbyr rettleiing til jordmødre, helsesjukepleiarar, til personalet i barnehagen/skule, Tverrfagleg samarbeid,-delta på BTI-møte med personal i barnehage/skule og føresette
Kommunepsykolog,- Foreldrerettleiing	Foreldrerettleiingskurs i gruppe COS-P.	- Tilbyr kurs vår og haust - Føremålet med kurset er å trygga føresette i rollen sin ved å gje dei verktøy til å forstå betre - kva behov barn har, - kva signal dei gjev - kva me kan gjera for å møta desse behova betre.



Vedlegg 2: Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)

Kva	Slik vil me ha det	Sånn gjer me det
PPT er ei fagleg kompetent teneste Tenesta hjelper barnehagen og skulen med å leggja til rette tilbodet for barn og unge Tenesta har fokus på barn og unge sitt behov for god sosial og fagleg utvikling i barnehage og skule.	Tenesta skal ha kompetanse til - å utføra sakkunnig arbeid for barn, unge og vaksne - å hjelpe barnehagen og skulen i arbeidet med organisasjons- og kompetanseutvikling	- Tenesta har oppdatert fagkunnskap og kompetanse om allmennpedagogikk og spesialpedagogikk, organisasjons- og kompetanseutvikling. Tenesta bruker kunnskap, teori og forskning i arbeidet - Tenesta har eit system for kompetanseutvikling - Det er tydeleg kva som er ei god sakkunnig vurdering - Tenesta kjenner faktorar som er viktige for eit godt og trygt barnehage- og skulemiljø - Tenesta har eit sjølvstendig ansvar og ei sjølvstendig rolle ved sakkunnig vurdering.
PPT er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng. Å vera tilgjengeleg inneber å bidra med kompetanse, rettleiing og støtte.	Tenesta informerer om tenestetilbod, evt. ventetid, høve til medverknad og evt. klagerett. Tenesta har ei avklart rolle i organisasjonen og har tid og ressursar til å utføra organisasjons- og kompetanseutvikling og sakkunnig arbeid innan rimeleg tid.	- Tenesta, barnehagane og skulane har rutinar for PPT sitt arbeid med organisasjons- og kompetanseutvikling i barnehagane og på skulane - Kommunen har gode rutinar for overgangar mellom fasar i utdanningsløpet, og PPT deltek i samarbeidet - PPT bidreg med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp til barn, elev, vaksne, føresette, skular, barnehagar og andre kommunale tenester - PPT er tydeleg på når og kvar ein kan nå dei, kva dei kan bidra med, og når dei kan gi hjelpa - PPT kan bidra med: - Observasjon og utgreiing av barn/unge og vaksne i samband med sakkunnig vurdering - Rettleiing til barnehage, skule og føresette - Utviklingsarbeid og kompetanseheving for barnehage og skule - PPT har tydelege rutinar for samarbeidet med barnehagane, skulane og andre kommunale tenester og samarbeidspartnarar - Det er synleggjort felles rutinar med barnehagane og skulane og andre kommunale tenester og samarbeidspartar: Handbok for tidleg innsats og spesialpedagogisk arbeid Barnehagane Handbok for tidleg innsats og spesialpedagogisk arbeid 1. til 10.trinn. BTI
PPT arbeider førebyggjande. Fornyninga av læreplanane i Kunnskapsløftet (LK20)	Tenesta skal hjelpe barnehagen og skulen i arbeidet med kompetanse- og utviklingsarbeid.	- PPT gjev råd og rettleiing knytt til pedagogisk leing, klasseleiing, skule- og barnehagemiljø samt spesialpedagogiske og didaktiske spørsmål - Det førebyggjande arbeidet inngår i felles rutinar for PPT, barnehagar og skular



har eit større fokus på kritisk tenking, utforsking og dialog i læringa. PPT skal bidra og støtta dette fokuset inn i barnehage og skule, med vekt på elevane som har utfordringar med læring.	Førebyggjande arbeid inneber at PPT medverkar til at barnehagar og skular kjem i forkant av problem og læreansvar ved å setja i gang tiltak. Det kan vera universelle tiltak eller spesielle tiltak for barnehagar eller skular med utfordringar.	• Kommuneleiing, barnehagar, skular og PPT har ei felles forståing av inkluderande miljø, opplæring, tilpassa opplæring og tilfredsstillande utbytte • Kommuneleiinga, barnehagane, skulane og PPT har felles rutinar for bruk av kartleggingsverktøy • PPT og barnehagane har rutinar for korleis tenesta kan gjera seg kjend med dokumentasjon i barnehagane • Skuleeigar, PPT og skulane har rutinar for korleis PPT kan gjera seg kjend med skulebasert vurdering.
PPT bidreg til tidleg innsats	Tidleg innsats kan vera innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv og å gripe inn tidleg når problem oppstår eller blir avdekte før opplæringspliktig alder, eller i løpet av grunnopplæringa.	• PPT, saman med kommunen, barnehagen og skulen, bidreg til å setja inn tiltak og utarbeida sakkunnig vurdering innan rimeleg tid Kommuneleiing, PPT, barnehagane og skulane samarbeider om pedagogisk og organisatorisk tilrettelegging for tidleg innsats: • organisering av barnehagetilbod og opplæring for elevar • arbeidsmåter eller undervisningsmetodar • læremiddel og læringsressursar • progresjon i barnet si utvikling og eleven si opplæring • observasjon og undervegsvurdering • Skuleeigar, PPT og skulane har felles rutinar for kva skulane skal ha vurdert og prøvd ut av tiltak før tilvising til PPT og for korleis PPT bør involverast i dette arbeidet (opplæringslova § 5-4) • PPT hentar inn relevant informasjon frå elev, føresette, barnehage, skule og andre aktuelle instansar som grunnlag for det sakkunnige arbeidet • Dersom PPT sjølv ikkje har nok fagkunnskap i ei sak, må dei henta inn nødvendig kompetanse utanfrå eller tilrå tilvisning vidare.
Barn har rett til å seia si meining i alt som gjeld si sak. Barnet sine meiningar skal leggjast vekt på.	Barn skal vera involverte i dialog og prosessar frå uro oppstår.	• Barn og elevar si stemme er i stor grad førande for utforming av undervisningstilbod og spesialpedagogisk arbeid.



Vedlegg 3: Logopedtenesta

Kva	Slik vil me ha det	Sånn gjer me det
Logopedtenesta er ei fagleg kompetent teneste Logopedtenesta skal gi tilbod om hjelp/behandling til barn, ungdom og vaksne som har kommunikasjonsvanskar, stemmevanskar, språk- og talevanskar, taleflytvanskar (stamming eller løpsk tale) og svelgevanskar eller vanskar på grunn av sjukdom, skader eller ulukker.	Logopedtenesta arbeider direkte med barn, unge og vaksne med språk-, tale- og kommunikasjonsvanskar. Tenesta arbeider indirekte i form av rådgjeving til føresette, barnehage, skule og andre instansar.	- Logopedtenesta har fagkunnskap om språk-, tale- og kommunikasjonsvanskar - Tilsette i Logopedtenesta har gode kommunikasjonsferdigheiter og har eit system for kompetanseutvikling for tenesta - Tiltaka som logopedane gjev bør vera i form av førebygging, diagnostisering, undervisning og/eller rådgjeving - Tenesta kan gje fylgjande tilbod: - Tenesta gjev flest tenester som tilpassa opplæring. - Arbeid på individnivå kan vera direkte og indirekte – og består av: - Utgreiing og kartlegging - Undervising - Handsaming - Rettleiing - Arbeid på systemnivå: - Prosjekter - Rettleiing - Kurs og kompetanseheving - Tenesta har eit sjølvstendig ansvar og ei sjølvstendig rolle ved utgreiing av behov til klienten. - Arbeidsområda til logopedtenesta er: - Språkvanskar - Språklydvanskar (Artikulasjon) - Taleflytvanskar (Stamming og løpsk tale) - Stemmevanskar - Språk-, tale- og svelgevanskar etter hjerneskarar (t.d afasi, taleapraksi, dysartri og dysfagi)
Logopedtenesta er tilgjengeleg	Tenesta skal vera tilgjengeleg for sine klientar. Å vera tilgjengeleg inneber å bidra med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp. Tenesta gjev òg informasjon til klientane, slik at dei veit korleis dei kan få hjelp, og når dei kan venta å få hjelp. Dei får vita kva for høve dei har til å påverka og gi tilbagemelding om kvaliteten på tilbodet som dei får.	- Tenesta har ei avklart rolle i organisasjonen og har tid og ressursar til diagnostisering, undervisning, behandling og førebyggjande arbeid - Tenesta er tydeleg på når og kvar me kan nå dei, kva dei kan bidra med, og når dei kan gi hjelpa - Det er avklart og tydeleggjort kva som er logopedtenesta sitt ansvar - Logopedtenesta samarbeider med føresette, pårørande og mange andre yrkesgrupper t.d. lærarar, barnehagelærarar, spesialpedagogar, pedagogisk-psykologiske rådgjevarar og andre tilsette i barnehage/skule og barnehage/skule sitt støttesystem, helsepersonell som lege, psykologar, fysioterapeutar, sjukepleiarar og ergoterapeutar.
Logopedtenesta arbeider førebyggjande	Førebyggjande arbeid inneber at tenesta medverkar til at barnehagar og skular kjem i forkant av	Logopedtenesta bidreg med kompetanseheving, råd og rettleiing knytt til kommunikasjonsvanskar, stemmevanskar, språk- og talevanskar,



	problem ved å setja i gang tiltak tidleg.	taleflytvanskar (stamming eller løpsk tale) og svelgevanskar.
Logopedtenesta bidreg til tidleg innsats	Tidleg innsats kan vera innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv og å gripe inn tidleg når problem oppstår eller blir avdekte før opplæringspliktig alder, eller i løpet av grunnopplæringa. Tenesta, saman med kommunen, barnehagen, skulen og PPT medverkar til å setje inn tiltak innan rimeleg tid.	• Barnehageeigar, skuleeigar, PPT, logopedtenesta, barnehagane og skulane har avklart kva tidleg innsats inneber, og har konkretisert ansvar og rollar ut frå dette • Logopedtenesta, saman med barnehagen og skulen, medverkar til å setje inn tiltak raskt når barn, unge og vaksne er tilviste til tenesta • Logopedtenesta hentar inn eksisterande dokumentasjon frå føresette, barnehagen, skulen og andre relevante instansar som bakgrunn for si diagnostisering • Logopedtenesta, barnehagen, skulen samarbeider med føresette, eleven og den vaksne i prosessen med diagnostisering • Dersom tenesta sjølv ikkje har nok fagkunnskap i ei sak, må dei henta inn nødvendig kompetanse utanfrå • Logopedtenesta, saman med andre instansar, har gode rutinar for når det er nødvendig å tilvisa barn og elevar til tenesta på nytt, dersom det blir avdekka endra behov.
Barn har rett til å seia si mening i alt som gjeld det og barnet sine meiningar skal leggjast vekt på.	Barn skal vera involverte i dialog og prosessar frå uro oppstår.	• Barn og elevar si stemme skal i større grad vera styrande for utforming av hjelpa.



Vedlegg 4: Hardanger Barnevern

Kva	Slik vil me ha det	Sånn gjer me det
Hardanger barnevern arbeider førebyggjande i samarbeid med andre verksemdar og samarbeidsfora	Tett samarbeid for tidleg innsats.	- samarbeid med PPT, kommunepsykolog, helsestasjon, barnehage og skule der det er nødvendig - Deltaking i førebyggjande samarbeidsfora for alle aldersgrupper - deltaking i små og spedbarnsteam - deltaking i "tidlig ute" SLT, konsultasjonsteam vald og seksuelle overgrep - Faste samarbeidsmøter med NAV i forhold til barn som bur i fattige familiar - Samarbeid politi.
Koordinering av tiltak rundt barn med samansette og langvarige oppfølgingsbehov	Gi familien tilbod om individuell plan for barnet.	- Prioriterer IP arbeid for desse barna - Deltaking i ansvarsgrupper med samarbeidsinstansar.
Kurs i Circle of Securiy, Parenting (COS-P)	Foreldrerettleiingskurs i COS-P	- Føremålet med kurset er å tryggja føresatte i rollen sin ved å gi dei verkty til å forstå betre - kva behov barn har, - kva signal dei gjev - kva me kan gjera for å møta desse behova betre.
Emosjonsfokustert ferdigheitstrening for føresette	Kurs i emosjonsfokustert ferdigheitstrening for foreldre /føresette. Tilsette som arbeider med barn og unge kan få rettleiing.	- Emosjonsfokustert ferdigheitstrening er eit tilbod til alle som ynskjer å bli tryggare i rolla si som forelder/føresett og omsorgsgjevar - Rettleiing til andre som arbeider med barn og ungdom og deira omsorgspersonar, t.d barnehagar, skular og helsestasjon Føremålet med kurset er å støtta føresette og omsorgspersonar til å rettleia barna i forhold til å handtera stress, kjensler og emosjonell smerte. På denne måten blir målet å skapa ein gjensidig tryggleik både hjå barnet og den vaksne.
Generell familieterapi	Familieterapi,- både individuelt og som kurs	- Barn som veks opp i utrygge relasjonar har ein høgare risiko for å utvikla psykisk uhelse seinare i livet - Familieterapi tilbyr hjelp til å avdekka negative familiemønstre og til å endra desse - Målet med generell familieterapi er å leggja til rette for at dei som er nærast kvarandre, skal forstå kvarandre - Ofte får familien tilbod om både individuell familieterapi og kurs.
Fritidskontakt/ støttefamilie. besøksheim/utvida besøksheim	Foreldre har den daglege omsorga, men med styrka nettverk rundt barnet eller til foreldra.	- Tilbod til barn og foreldre med lite nettverk, manglande sosial kompetanse/tryggleik på å styrka dette med - støttekontakt til barnet - besøksheim - Barn med store omsorgsbehov eller forleddre med særskilte behov kan få tilbod om at barnet bur delvis i ein



		støttefamilie/omsorgsbaser o utvida besøksheim
Avlastningsinstitusjon	For personar og familiar med særskilt tungt omsorgsarbeid.	• Avlastning skal gjera det mogeleg å oppretta gode familierelasjonar, ta vare på sosiale nettverk og hindra utmatting hjå omsorgsgjevaren • Avlastningsbustaden fungerer som ein vanleg heim med ulike familieaktivitetar for brukaren, og skal gi pårørande nødvendig og regelmessig fritid og ferie • Tilbodet vert tilrettelagt individuelt for den enkelte brukar og vert fulgt opp ift opplærings- og/eller behandlingsopplegg • Brukarane tar del i huslege aktivitetar og det vert lagt til rette for ADL trening m.m.
Utgreiing/retteleingsopphald på foreldre- og barnsenter	Frivillige hjelpetilbud for gravide, einslege føresette og par med eitt eller fleire barn i ulik alder kor det er uro for barnet sin omsorgssituasjon.	• Familien får tilbod om eit opphald frå 1-6 mnd • Dei bur i eigen bustad på institusjonen og ivaretar sjølv omsorga for barnet i denne perioden • Under opphaldet får barn og føresette eit intensivt og mangfaldig terapeutisk tilbod.
Hjelpetilbod	Individuelle hjelpetilbud tilpassa det einskilde barnet.	• Økonomisk hjelp til barn for å stimulera til positive aktivitetar • Sommarferietilbod • Ettermiddagstilbod ved OppMot læringssenter • oppfølging av unge i eigen bustad • ruskontroll • tilsyn

